25199116	Øymerka midler B.fjord 08/09	-50 727	-50 727
25199117	Øymerka midler Bygland skule 08	-105 605	-105 605
25199118	Fysak 2008	-12 000	-12 000
25199119	Vassdragstyre for øvre Otra 2013	-831 122	-674 556
25199121	HB - Etableringstilskot	-24 370	-9 870
25199122	HB - Tapsfond startlån	-210 000	-210 000
25199123	Vurdering for læring BFO	-90 000	-90 000
25199124	Vurdering for læring BYO	-64 601	-64 601
25199125	Fond Kultur/ Bibliotek	-73 660	-105 426
25199126	Fond Pedagogiske tjenester	-15 757	0
Sum		-28 501 631	-26 966 085

Bygland kommune

Note 11 - Spesifikasjon over samlede avsetninger og bruk av avsetninger

k) Spesifikasjon av avsetning og bruk av avsetninger foretatt med hjemmel i delegert myndighet

Enhet NAV - Flyktningfond	Beløp
Fond pr. 1.1	0
Avsatt i løpet av året	1 823 805
Bruk i løpet av året	
Fond pr. 31.12	1 823 805

Enhet Kultur - Bygdebokfond	Beløp
Fond pr. 1.1	4 012 876
Avsatt i løpet av året	16 434
Bruk i løpet av året	
Fond pr. 31.12	4 029 309

Bygland kommune

Note 11 Spesifikasjon av regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk spesifisert per år samt egenkapitalkonti for endring av regnskapsprinsipp

Spesifikasjon av egenkapitalkontoer for regnskapsmessig mer/mindreforbruk

Regnskapsmessig mindreforbruk	Saldo iht balansekonto	
	2015	2014
Totalt	-10 198 201	0

Oppstått år:

✓	2015 ✓	-10 198 201
✓	2014	
✓	2013	

Regnskapsmessig merforbruk	Saldo iht balansekonto	
	2015	2014
Totalt	0	0

Oppstått år:

✓	2015	
✓	2014	
✓	2013	

Udisponert i investeringsregnskapet	Saldo iht balansekonto	
	2015	2014
Totalt	0	0

Oppstått år:

✓	2015	
✓	2014	
✓	2013	

Udekket i investeringsregnskapet	Saldo iht balansekonto	
	2015	2014
Totalt	0	2 339 026

Oppstått år:

✓	2015	
✓	2014	-2 339 026
✓	2013	

Spesifikasjon av egenkapitalkonti for endring i regnskapsprinsipp

Type	Bokført år	Beløp
Prinsippendring feriepenger	1992	
Oppløsning likviditetsreserve	2008	-1 951 787
Sum		-1 951 787

Bygland kommune

Note 12 - Spesifikasjon av kapitalkontoen

Debetposter i året:		Kreditposter i året:
		Balanse 01.01
Salg av fast eiendom og anlegg	0,00	
Av- og nedskrivning av fast eiendom og anlegg	5 194 799,43	
Tap ved salg eiendom og anlegg	0,00	
Salg av utstyr, maskiner og transportmidler	0,00	
Av- og nedskrivning av utstyr, maskiner og transportmidler	545 011,13	
Tap ved salg av utstyr, maskiner og transportmidler	0,00	
Salg av aksjer og andeler	300 000,00	
Reduksjon egenkapitalinnskudd pensjonskasse	0,00	
Nedskrivning av aksjer og andeler	13 000,00	
Tap ved salg av aksjer og andeler	0,00	
Avdrag på utlån	371 596,74	
Avskrivning på utlån	0,00	
Bruk av midler fra eksterne lån	30 516 553,73	
Økning pensjonsforpliktelser	10 421 227,00	
Reduksjon pensjonsmidler	0,00	
Balanse 31.12	43 316 368,06	
SUM DEBET	90 678 556,09	SUM KREDIT
		-90 678 556,09

Bygland kommune

Note 13 Investeringsoversikt

Investeringsoversikt som viser pågående prosjekter knyttet til nybygg og anleggsinvesteringer.

Investeringsprosj. 2015	Oppstarts- år	Antatt ferdig- Stillelsesår	Regnskaps- ført tidl.år	Regnskaps- ført i år	Budsjett i år	Sum regn- skapsført	Budsjett prosjekt
						0	
Idrettshall Bygland	2014	2016	1 717 134	16 804 910	17 930 000	18 522 044	27 930 000
Prosjekt Prestneset	2014	2016	691 135	101 943	250 000	793 077	1 000 000
Flyktningbustad II	2015	2016		75 394	500 000	75 394	4 900 000
						0	
						0	
						0	
						0	
						0	
						0	
						0	
						0	
						0	
						0	
						0	

Bygland kommune

Note 14 Vesentlige overføringer mottatt til finansiering av investeringer

Investeringsprosjekt	Mottatt overføring til investeringsprosjektet
PU Nybygg sagmoen	Husbanken 5.794.000
Flyktningbustad I	Husbanken 2.000.000
VA Neset Grendi	Privat aktør - Uavklara anleggsbidrag
Ladestasjon Prestneset	Anleggsbidrag frå Tesla Motors 321.403*

Anleggsbidrag fra Tesla Motors Norway til på 375.000,- er fordelt mellom investering og drift. 321.403 er inntektsført i investering for å dekke investeringskostnadene knytt til investering og 53.597 er inntektsført i drift som bidrag til ny trafo.

Bygland kommune

Note 15 Beregning av gebyrfinansierte selvkosttjenester

Vann	Budsjett	Regnskap	Forrige år
Brukerbetalinger/salgsinntekt	kr -1 552 982	kr -1 957 934	kr -1 590 285
Direkte kostnader	kr 1 558 758	kr 939 023	kr 1 053 485
Indirekte kostnader			
Netto kapitalkostnader		kr 788 910	kr 784 384
Overskudd -/underskudd +	kr 5 776	kr -230 001	kr 247 584
Selvkostandel	99,63 %	113,31 %	86,53 %
Disponering til/fra bundet selvkostfond			

Selvkostfond vann pr. 31.12

Avløp	Budsjett	Regnskap	Forrige år
Brukerbetalinger/salgsinntekt	kr -3 028 916	kr -3 517 223	kr -2 971 604
Direkte kostnader	kr 3 047 344	kr 2 315 698	kr 2 121 797
Indirekte kostnader			
Netto kapitalkostnader		kr 1 379 505	kr 1 465 938
Overskudd -/underskudd +	kr 18 428	kr 177 980	kr 616 131
Selvkostandel	99,40 %	95,18 %	82,83 %
Disponering til/fra bundet selvkostfond			

Selvkostfond avløp pr. 31.12

Slam	Budsjett	Regnskap	Forrige år
Brukerbetalinger/salgsinntekt	kr -95 000	kr -97 997	kr -716 981
Direkte kostnader	kr 388 813	kr 311 058	kr 936 652
Indirekte kostnader			
Netto kapitalkostnader		kr -2 689	kr -9 352
Overskudd -/underskudd +	kr 293 813	kr 210 372	kr 210 319
Selvkostandel	24,43 %	31,78 %	77,32 %
Disponering til/fra bundet selvkostfond	kr -287 732	kr -210 372	kr -210 319

Selvkostfond slam pr. 31.12.

kr 34 751

Renovasjon	Budsjett	Regnskap	Forrige år
Brukerbetalinger/salgsinntekt	kr -2 549 825	kr -2 596 372	kr -2 213 157
Direkte kostnader	kr 2 674 371	kr 2 451 640	kr 2 354 282
Indirekte kostnader			
Netto kapitalkostnader		kr 95 712	kr 102 715
Overskudd -/underskudd +	kr 124 546	kr -49 021	kr 243 840
Selvkostandel	95,34 %	101,92 %	90,08 %
Disponering til/fra bundet selvkostfond			kr -71 466

Selvkostfond renovasjon pr. 31.12

Note 15 Beregning av gebyrfinansierte selvkosttjenester

Feiing	Budsjett	Regnskap	Forrige år
Brukerbetalinger/salgsinntekt	kr -358 622	kr -366 178	kr -304 617
Direkte kostnader	kr 358 622	kr 349 976	kr 352 063
Indirekte kostnader			
Netto kapitalkostnader		kr 3 332	kr 2 844
Overskudd -/underskudd +	kr -	kr -12 869	kr 50 290
Selvkostandel	100,00 %	103,64 %	85,83 %
Disponering til/fra bundet selvkostfond			

Selvkostfond feiing pr. 31.12.

Bygland kommune

Note 16 Spesifikasjon av gjennomførte strykninger

Driftsregnskapet

Spesifikasjon av foretatte strykninger

Tekst

Overføring til investeringsregnskapet

Avsetning til fond

Inndekning av tidligere års merforbruk

Sum

Beløp

0

Investeringsregnskapet

Spesifikasjon av korrigeringer ved årsavslutning

Tekst

Reduksjon av avsetninger finansiert av inntekter i investeringsregnskapet

Overført budsjettet, ikke disponert bruk av ubundet investeringsfond

til prosjekter med manglende finansiell dekning

Sum

Beløp

0

Bygland kommune

Note 17 - Kommunal forretningsdrift, § 27 og kapittel 11 i kommuneloven

	Regnskap 2015	Regnskap 2014
Samlede fordringer	0,00	0,00
Samlet kortsiktig gjeld	0,00	139 196,00
Samlet langsiktig gjeld	0,00	0,00

Bygland kommune

Note 18 - Interkommunalt samarbeid etter § 27 (som ikke avlegger særregnskap) samt vertscommunesamarbeid etter kommuneloven kap. 5A

	Regnskap 2015	Regulert budsjett	Regnskap 2014
Jordmortenesta			
<i>Interne overføringer, inntekter og disponeringer av disse</i>			
Overføringer til samarbeidet (samlet)	-402 024	-513 388	-464 855
Overføringer fra samarbeidet til deltakerkommunene (samlet)			0
Samarbeidets egne inntekter	-331 490	-300 000	-306 006
Samarbeidets disponering av mottatte overføringer og inntekter:			
Lønn og sosiale utgifter	704 980	789 388	730 851
Kjøp av varer og tjenester som inngår i samarb. tjenesteprod.	25 776	23 000	32 443
Kjøp av tjenester som erstatter samarbeidets tjenesteproduksjon			4 454
Overføringer	2 758	1 000	3 113
Finansutgifter og finanstransaksjoner			
Resultat av virksomheten			0
Disponering av resultat:	0	0	0
- Tilbakeført deltakerkommunene			
- Overført til neste driftsår			
- Udekket underskudd			

Bygland kommune

Note 18 - Interkommunalt samarbeid etter § 27 (som ikke avlegger særregnskap) samt vertscommunesamarbeid etter kommuneloven kap. 5A

	Regnskap 2015	Regulert budsjett	Regnskap 2014
Kommuneoverlege			
<i>Interne overføringer, inntekter og disponeringer av disse</i>			
Overføringer til samarbeidet fra deltakerkommunene (samlet)	-1 363 998	-1 370 000	-1 350 008
Overføringer fra samarbeidet til deltakerkommunene (samlet)			
Samarbeidets egne inntekter			
Samarbeidets disponering av mottatte overføringer og inntekter:			
Lønn og sosiale utgifter	1 317 172	1 320 000	1 262 523
Kjøp av varer og tjenester som inngår i samarb. tjenesteprod.	46 826	50 000	87 485
Kjøp av tjenester som erstatter samarbeidets tjenesteproduksjon			
Overføringer			
Finansutgifter og finanstransaksjoner			0
Resultat av virksomheten			0
Disponering av resultat:	0	0	0
- Tilbakeført deltakerkommunene			
- Overført til neste driftsår			
- Udekket underskudd			

Bygland kommune

Note 18 - Interkommunalt samarbeid etter § 27 (som ikke avlegger særregnskap) samt vertscommunesamarbeid etter kommuneloven kap. 5A

	Regnskap 2015	Regulert budsjett	Regnskap 2014
Avsluttet 2014			
Prosjekt vannområdet øvre Otra			
<i>Interne overføringer, inntekter og disponeringer av disse</i>			
Overføringer til samarbeidet fra deltakerkommunene (samlet)			-319 973
Overføringer fra samarbeidet til deltakerkommunene (samlet)			-400 000
Samarbeidets egne inntekter			
Samarbeidets disponering av mottatte overføringer og inntekter:			
Lønn og sosiale utgifter			308 379
Kjøp av varer og tjenester som inngår i samarb. tjenesteprod.			17 264
Kjøp av tjenester som erstatter samarbeidets tjenesteproduksjon			760 794
Overføringer			
Finansutgifter og finanstransaksjoner			-366 464
Resultat av virksomheten			
Disponering av resultat:			0
- Tilbakeført deltakerkommunene			
- Overført til neste driftsår			
- Udekket underskudd			

Bygland kommune

Note 18 - Interkommunalt samarbeid etter § 27 (som ikke avlegger særregnskap) samt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven kap. 5A

	Regnskap 2015	Regulert budsjett	Regnskap 2014
Vassdragsstyre for Øvre Otra			
<i>Interne overføringer, inntekter og disponeringer av disse</i>			
Overføringer til samarbeidet fra deltakerkommunene (samlet)			
Overføringer fra samarbeidet til deltakerkommunene (samlet)			
Samarbeidets egne inntekter	-190 036	-190 036	-300 000
Samarbeidets disponering av mottatte overføringer og inntekter:			
Lønn og sosiale utgifter			
Kjøp av varer og tjenester som inngår i samarb. tjenesteprod.	36 190		2 863
Kjøp av tjenester som erstatter samarbeidets tjenesteproduksjon			758 869
Overføringer			190 037
Finansutgifter og finanstransaksjoner	-2 719		-651 770
Resultat av virksomheten			0
Disponering av resultat:	-156 566	-190 036	0
- Tilbakeført deltakerkommunene			
- Overført til neste driftsår	156 566	190 036	
- Udekket underskudd			
Bundet driftsfond - Vassdragsstyret for øvre Otra			
IB	674 556		1 323 360
Avsatt til bundet driftsfond	156 566		0
Bruk av bundet driftsfond			-648 804
UB	831 122		674 556

Bygland kommune

Note 18 - Interkommunalt samarbeid etter § 27 (som ikke avlegger særregnskap) samt vertscommunesamarbeid etter kommuneloven kap. 5A

	Regnskap 2015	Regulert budsjett	Regnskap 2014
Psykiatribustader Byglandsfjord			
<i>Interne overføringer, inntekter og disponeringer av disse</i>			
Overføringer til samarbeidet fra deltakerkommunene (samlet)	-1 433 519	-1 806 121	-1 625 755
Overføringer fra samarbeidet til deltakerkommunene (samlet)			
Samarbeidets egne inntekter	-78		-192 938
Samarbeidets disponering av mottatte overføringer og inntekter:			
Lønn og sosiale utgifter	1 390 201	1 781 121	1 810 945
Kjøp av varer og tjenester som inngår i samarb. tjenesteprod.	39 222	25 000	7 165
Kjøp av tjenester som erstatter samarbeidets tjenesteproduksjon			
Overføringer	4 174		583
Finansutgifter og finanstransaksjoner			
Resultat av virksomheten			0
Disponering av resultat:	0	0	0
- Tilbakeført deltakerkommunene			
- Overført til neste driftsår			
- Udekket underskudd			

Bygland kommune

Note 19 - Interne overføringer og fordelinger

Tekst	Regnskap 2015	Regulert budsjett	Regnskap 2014
<i>Interne overføringer og fordelinger</i>			
Interne inntekter mv.	-6 853 848,79	-1 750 036,26	-6 459 526,81
Interne utgifter mv.	6 853 848,79	1 750 036,26	6 459 526,81
Netto interne overføringer	0,00	0,00	0,00

Bygland kommune

Note 20 - Annleggstilskot - Neset Camping

Det er eit uavklara forhold mellom Bygland kommune og Neset Camping omeit anleggstilskot for utbygging av VA.



Til kommunestyret i Bygland kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Administrasjonssjefen

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Bygland kommune som viser kr 108 571 391 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 10 198 201. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ein dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ein dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Bygland kommune per 31. desember 2015 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Postadr.: Hovedkontor Kristiansand
Postboks 417 Lund
4604 Kristiansand
Kontoradr.: Tollbodgata 37
Org.nr. 987 183 918

E-post: post.revisjonen@agderkomrev.no
Hjemmeside: www.komrevsor.no
Telefon Kr.sand: 38 07 27 00
Telefon Evje: 977 60 455

Avd. Setesdal
Kaservegeven 19
4735 Evje

AGDER KOMMUNEREVISJON IKS

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Evje, 20. april 2016

Agder Kommunerevisjon IKS



Tommy Pytten
Registrert revisor



Foto: Mami S. Kirabala

BYGLAND KOMMUNE

2015



BYGLAND KOMMUNE



Foto: Mairi S. Kveale

ÅRSMELDING 2015

Rådmannen sitt forslag



Innhold

Rådmannen har ordet	7
Kuttprosess.....	7
Kommunale investeringar	7
Kommunereform	7
Asylmottaket vart lagt ned og starta opp att	8
Administrativ organisering	9
1 – BEFOLKNING	10
Folketal etter grunnkretsar, per 1. januar år 2000 og 2007– 2016:	10
2 – UTVALGTE KOSTRATAL 2015	10
Betryggande kontroll og HØG ETISK STANDARD I VIRKSOMHETA	12
Interkommunale samarbeid	12
3 – KOMMUNALE TENESTER	14
Politisk styring og kontrollorgan	14
Omtale	14
Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2015:	14
Kommentar:	14
Stab/ Fellesutgifter	14
Omtale	14
Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2015:	14
Kommentar:	15
Overordna lønn/personal.....	15
Sjuefråver:.....	15
Frivilligsentralen	17
Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2015:	17
Kommentar	17
Tenestetorg	17
Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2015:	17
Tilsette	17
Sjuefråver.....	17
Kuttprosess.....	17
Arbeidsoppgåver.....	17
Møtesekretariat.....	18
Kultur.....	19
Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2015:	19



Tilsette	19
Sjuefråver.....	19
Kompetanse.....	19
Arbeidsoppgåver.....	19
Bygland folkebibliotek	20
Kulturskule	20
Ungdomsklubb.....	20
Kultur	21
Bygdeboka.....	21
Aust-Agder museum og arkiv IKS	22
Resultateining: Bygland Oppvekstsenter (skule, SFO og barnehage).....	22
Omtale av eininga:	22
Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2015:	22
Kommentar:	22
Utvikling i elevtal:	22
Kommentar:	22
Barnehagen:.....	23
SFO:.....	23
Vaksenopplæring:.....	23
Bemanning:	23
Kommentar:	23
Generelle utviklingstrekk – viktige hendingar i 2014:.....	24
Barnehagen:	24
Satsingsområde:.....	24
Mål:.....	24
* Barna skal få erfaring med varierte og allsidige bevegelsar og med å bruke heile kroppen	24
Skulen.....	24
Utviklinga framover – målsettingar:	25
Resultateining: Byglandsfjord Oppvekstsenter	25
Omtale av eininga:	25
Netto driftsutgifter - budsjett og rekneskap for 2015:	25
Kommentar:	25
Skulen:.....	26
Skulefritidsordninga:	26



Barnehagen:	26
Bemanning:.....	26
Generelle utviklingstrekk/viktige hendingar:	27
Utviklinga framover – målsetjingar for oppvekstsenteret:	28
Overordna mål for heile verksemda:	29
Styringsmål:	29
Resultateining: NAV	30
<i>Omtale</i>	30
Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2015:	30
Kommentar:	30
Sosiale tenester:	30
Økonomisk sosialhjelpsnorm har i 2015 vore:	31
Flyktingtenesta.....	31
Kommentar:	31
Husbanken.....	31
Resultateining: Helse	33
Innleiing:	33
<i>Omtale</i>	33
Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2015:	33
Kommentar:	33
Barnevern:	33
Legetenesta:	33
Aktivitet:	34
Legevaktordning:	34
Fysioterapitenesta:.....	34
Helsestasjonstenesta:	34
Helsesyster:	34
Aktivitet:	35
Jordmortenesta:	35
Psykisk helse og rus:	35
Aktivitet:	35
Psykiatribustadar:	36
Interkommunal ruskonsulent:	36
Kartlegging:.....	36
Støttekontakt og avlastning:.....	36



Resultateining: Pleie og omsorg	37
Omtale av eininga:	37
Netto driftsutgifter - budsjett og rekneskap for 2015:	37
Kommentar:	37
Omtale av avdelingane	37
Leiing og administrasjon	37
Byglandsheimen	37
Open omsorg	37
Habiliteringstenesta	38
Bemanning.....	38
Generelle utviklingstrekk/viktige hendingar i 2015:.....	38
Utviklinga framover – målsetjingar for PLO:	38
Resultateining: Drift og forvaltning	39
Omtale av eininga :	39
Styringsmål 2015:	39
Dei viktigaste hendingane gjennom året:	39
Ansvarsområde 3730 , Fiskebiologen	41
Aktivitetstal for skog og vilt:	43
Skogsvegbygging.....	43
Skogfond og rentemidlar	44
Elg	44
Hjort.....	44
Rådyr	44
Viltfond.....	45
Fallvilt	45
Motorferdsel i utmark	45
Ansvarsområde 3740, Overordna plan og beredskap	45
Ansvarsområde 3705, Plan og byggforvaltning	46
Kart og oppmåling.....	47
Personal	48
Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2015:	49
Kommentar:	49
Kommentar:	49
Resultateining: Store prosjekt.....	50
Omtale av rammeområdet:	50



Netto driftsutgifter - budsjett og rekneskap for 2015:	50
Kommentar	50
Rammeområde: Samhandlingsreformen/Lokalmedisinske tenester (LMT)	50
Omtale av rammeområdet:	50
Netto driftsutgifter - budsjett og rekneskap for 2015:	51
Kommentar	51
Rammeområde: Andre utgifter	51
Omtale av rammeområdet:	51
Netto driftsutgifter - budsjett og rekneskap for 2015:	51
Kommentar	51
Økonomisk oversikt - Næringsfondet	52
4 – ØKONOMISKE NØKKELTAL OG ANALYSE	53
4.1.1 Hovudoversikt – driftsrekneskapen 2015	54
4.1.2 Frie disponible inntekter	55
4.1.3 Finansinntekter/ -utgifter	56
4.1.4 Netto avsettingar	56
4.2 Hovudoversikt - investeringsrekneskapen 2015	57
Kommentar investeringsrekneskap:	57
4.3 Balanse	58
4.3.1 Anleggsmidler	58
Kommentar anleggsmidler:	58
4.3.2 Omløpsmidlar	59
Kommentar omløpsmidlar:	59
4.3.3 Eigenkapital	59
Kommentar eigenkapital:	59
4.3.4 Langsiktig gjeld	60
4.3.5 Kortsiktig gjeld	60



RÅDMANNEN HAR ORDET

Vi har no kome så langt at vi skal gjere opp status for 2015. I året som ligg bak oss har tilsette, innbyggjarar og politikarar løfta i lag og fått løyst mange store og små saker. Det har vore mykje å glede seg over. Vi må halde fram med det gode samarbeidet og dialogen med dei tilsette, brukarar og politikarar for å få ei felles forståing og løysing på utfordringane. Den største utfordringa er framleis å stimulere til auke i folketalet i kommunen.

Kuttprosess

Den økonomiske situasjonen for kommunen var dramatisk ved inngangen til 2015. Budsjettet for 2015 vart saldert med å bruke kr 11.248.000,- av disposisjonsfondet for å få budsjettet i balanse. Etter at budsjettet vart vedteke i desember vart det med ein gong sett i gang ein kuttprosess for å få budsjettet for 2016 i balanse.

I kuttprosessen vart det etablert eit godt samarbeid mellom leiarane, dei tilsette og dei tillitsvalde for å redusere kostnadene til eit forsvarleg nivå. Målsettinga var heile tida å gjere kutta på område der verknadene på innbyggjarane i kommunen vart minst mogeleg. Det var vidare ei målsetting at vi ikkje skulle seie opp fast tilsette. Dette har vi lukkast med på ein etter forholda god måte.

Når vi gjer opp rekneskapen for 2015 viser det eit mindreforbruk på kr 10.198.000,-. Når ein korrigerer for bruk av disposisjonsfond vert det reelle mindreforbruket på kr 2.126.000,-.

Dette er i hovudsak oppnådd ved følgjande tiltak:

- Stor reduksjon i driftsutgifter med tidleg verknadsgrad
- God budsjett disiplin i alle einingar
- Vesentleg lågare pensjonsutgifter
- Eingongsinntekter
- Auke i folketalet
- Inntekter knytt til mottaket

Kommunale investeringar

I 2015 er det gjennomført store investeringsprosjekt i kommunen. Det største er igangsetjing av ny idrettshall kostnadsrekna til kr 27.930.000,-, bustader for menneske med psykisk utviklingshemming og psykiske lidningar til kr 12.000.000,- og vatn og kloakkanlegg mellom Grendi og Byglandsfjord til kr 6.700.000,- Dette er store investeringar som vil vere til nytte for innbyggjarane, men dei vil også auke driftsutgiftene vesentleg i åra framover.

Kommunereform

Kommunestyret vedtok i 2014 at kommunen skal delta i 3 ulike utgreiingar i tillegg til 0-alternativet.

- a) Bygland kommune vil ta del i alle utgreiingar som omfattar kommunane i Setesdal Regionråd. Deling av Bygland kommune skal takast med som ein del av utgreiinga
- b) Åseral kommune, Bygland kommune og Evje og Hornnes kommune
- c) «Langfjella»: Bykle kommune, Valle kommune, Bygland kommune, Vinje kommune og Sirdal kommune.



Det er gjennomført omfattande utgreiingar av alle alternativa som er med i kommunestyret sitt vedtak. Det er i dag ikkje politisk fleirtall i dei aktuelle kommunane for å gå vidare med nokon av alternativa. Denne saka vert avgjort av kommunestyret innan 30 juni 2016.

Asylmottaket vart lagt ned og starta opp att

I desember 2013 fekk vi melding om at asylmottaket i kommunen skulle leggjast ned med verknad frå 1.1.2014. Kommunen hadde bygd opp eit godt tilbod til bebuarane både med omsyn til undervisning, barnehage og helsetilbod. UDI var svært tilfreds med korleis kommunen leverte tenester til asylmottaket på. Tokla som var driftsoperatør gjorde også ein framifrå jobb. 1. halvår 2014 vart det lagt ned mykje arbeid med den praktiske gjennomføringa av nedlegginga.


I oktober 2014 fekk vi på ny melding om at asylmottaket skulle starte opp igjen med verknad frå 15.12.2014. Kommunestyret var nøgd med at asylmottaket kom tilbake til kommunen, men det fører til mykje arbeid i kommuneorganisasjonen for å få dette til. Kommuneadministrasjonen og dei ulike einingane har bruka mykje tid på å få på plass dei lovpålagte tenestene. Eg vil nytte høvet til å takke alle som har gjort ein stor innsats for å få alt til å fungere på ein god måte.

Aasmund Lauvdal
Rådmann



Administrativ organisering

Organisasjonskart administrasjonen i Bygland kommune ved utgangen 2015



Mål

Aktivitet og mål er forankra i vedteken kommuneplan, og går fram av vedteke budsjett/økonomiplan.

Slagordet for Bygland er
“Med hjarta i Bygland”

Hovudmålsetjinga for Bygland kommune er å
Auke folketalet i Bygland kommune

Slik kjem vi dit:

- ✓ Styrke busetjinga i heile kommunen
- ✓ Skape tru på innovasjon og utvikling
- ✓ Arbeide for eit positivt omdøme for Bygland kommune
- ✓ Utvikle og satse på eigne ressursar, eigenart og kvalitetar



Ambisjon:

«I Bygland skal innbyggerane og brukarane vere i fokus, og oppleve kommunen som ein serviceorientert organisasjon og eit truverdig forvaltningsorgan».

1 – BEFOLKNING

Folketal etter grunnkretsar, per 1. januar år 2000 og 2007– 2016:

Grunnkrets:	2000	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Byglandsfjord	390	389	382	387	401	406	402	398	409	396	395
Grendi	179	133	134	127	132	124	126	124	117	119	122
Årdal Vestside	14	19	13	11	10	12	11	14	14	14	15
Longerak	51	41	42	42	41	41	42	40	38	41	45
Lauvdal	39	32	32	30	34	32	31	33	40	38	36
Bygland	287	294	282	265	256	272	273	276	267	252	266
Bygland Vestside	1	5	5
Jordalsbø/Lide	98	87	86	85	86	89	86	81	83	85	80
Skomedal	24	24	23	24	23	22	21	23	22	25	25
Frøysnes	13	12	13	16	16	17	16	15	11	10	10
Sandnes/Åraksbø	87	87	82	84	80	82	81	72	72	73	73
Austad Austside	80	85	83	80	75	78	74	67	68	68	62
Ose/Moi	32	26	25	21	22	21	20	23	20	19	24
Langeid/Hegglund/Tveit	39	38	40	43	37	36	29	29	31	34	33
Andre/ikke oppgitt	17	5	5	10	10	7	7	12	8	10	13
Totalt:	1351	1272	1242	1225	1223	1239	1219	1207	1200	1189	1204

For perioden fram til 2015 er trenden jamn nedgang i folketalet. Ved måling i juli 2015 fekk kommunen eit lyft i folketalet. Dette er redusert mot slutten av året, men den syner framleis eit auka folketal ved inngangen til 2016 kontra tidlegare trend. År 2000 er teke med for å vise utviklinga over lengre sikt.

2 – UTVALGTE KOSTRATAL 2015

Foreløpige tal, kostra-tala byggjer på ikkje-revidert rekneskap for 2015.



Utvalgte nøkkeltall 2015, kommuner - nivå 1

Tabell 09397	Bygland	Valle	Evje og Hornnes	Åmli	Kostra-gruppe 06
Finansielle nøkkeltall					
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-2,9	-1,1	-1,0	1,7	1,1
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3,3	3,2	3,3	4,1	4,0
Frie inntekter i kroner per innbygger	69 596	66 957	52 546	66 450	70 316
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	254	226	187	243	218
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	39,2	28,0	17,4	31,1	28,7
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	81 562	93 342	47 277	88 570	72 122
Prioritering					
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	144 609	195 915	102 268	135 697	134 199
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger	168 752	163 255	104 614	129 860	161 334
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	4 339	8 526	2 793	2 546	5 222
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	28 521	29 959	17 697	24 545	27 710
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	2 645	4 195	4 306	4 404	3 132
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	15 289	7 895	9 158	18 997	12 969
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb	11 669	13 564	4 793	8 203	11 220
Dekningsgrad					
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	113,0	91,5	84,6	87,9	89,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	7,9	5,9	11,4	7,1	10,4
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	20,3	31,3	10,9	10,8	18,2
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	6,5	13,4	10,1	10,8	12,7
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0	100,0	100,0	100,0	96,3
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	23,3	21,5	12,3	13,3	16,9
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	3,2	7,4	7,0	3,3	5,2
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	4,8	6,7	8,5	15,8	..
Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb	17,0	169,0	95,0	11,0	153,0
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	27,0	40,0	34,0	9,0	36,0
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	0,5	0,5	0,5	1,1	..
Produktivitet/enhetskonstnader					
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	159 538	249 233	146 270	184 585	179 027
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (20	152 363	157 234	110 998	134 886	163 740
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10. årstrinn	10,2	8,2	13,2	11,6	8,8
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner)	206 049	202 344	277 540	137 174	222 044
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	736 143	1 291 850	998 914	1 127 316	1 067 640
Årsgebyr for vannforsyning (gjelder rapporteringsåret+1)	3 126	3 190	3 726	4 111	4 021
Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	7 800	3 190	5 136	4 697	3 843
Årsgebyr for avfallstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	3 022	3 232	2 604	2 237	2 886
Gjennomsnittlig saksbeh.tid for private forslag til detaljreg. Kalenderdager	77	..	203
Gj.snittlig saksbehandlingstid for opprettelse av grunneiendom. Kalenderdag	..	143	44	27	..
Bto. dr.utgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	47 939	137 455	100 106	104 872	89 143
Lovanvendelse					
Andel søknader om motorferdsel i utmark innvilget	..	97	100	100	94



FORSVARLEG KONTROLL OG HØG ETISK STANDARD I VERKSEMDA

Bygland kommune nyttar kvalitetssikringssystemet Compilo (tidlegare Kvalitetslosen) for å ivareta internkontrollen. Her vert avvik registrert om dei oppstår og systemet tek i vare ei sikker oppfølging av uønskte hendingar. Kommunen jobbar dagleg med å overhalde lover og forskrifter, og avvik vert registrert og følgd opp. Når det gjeld innkjøp er fleire personar involvert i innkjøpsprosessane og fakturabehandlingane for å trygge realiteten i innkjøpa. Kommunen deltek og i felles innkjøpsordning gjennom OFA for å trygge innkjøpsprosessen.

Det er fleire forhold dei ulike einingane må ta omsyn til i den daglege drifta med omsyn til etikk. Det gjeld ordinære lover og forskrifter. Oppvekst har eigne mobbeplanar og utdanningsforbundet har ein eigen etisk plattform som bind medlemmane.

Innafor Pleie og omsorg og Helse vert det kvar veke tatt stikkprøver for å unngå snoking i pasientjournalar. Kvar veke vert 2 tilfeldige tilsette sjekka i forhold til oppslag i pasientjournalane.

Innafor økonomi har kommunen ein policy på at dei som sit med tilgang til bankkontoane ikkje har moglegheit for å tilvise bilag til betaling. Samt at alle bilag blir attestert og tilvist av ulike personar. Bankkontoane vert avstemde kvar månad, og avstemminga blir kontrollert av overordna.

Ein synar og til leiarverdiane i kommunen som legg føringar for leiarane i høve etikk og kontroll.

Dette er eit felt som kommunen kontinuerleg arbeider med for å oppnå så høg grad av intern kontroll og etisk standard som mogleg.

INTERKOMMUNALE SAMARBEID

Kommunen deltek i eit utvida omfang av interkommunale samarbeid (IKS). Se oversikt under.

Ein visar her hovudpunkta. Bygland er ikkje vertskommune for IKS og følgjeleg rapporterer ikkje kommunerekneskapet for nokon av desse. For dei §27 samarbeida som kommunen er vertskommune for, syner ein til note 18 i rekneskapet for 2015. Her finn ein utfyllanda oversikt og rekneskapsinformasjon for kvart samarbeid som Bygland er vertskommune for.



Bygland kommune

Organisering av kommunens virksomhet

Selskap	Eierandel	Løser følgende oppgave
Setesdal Revisjonsdistrikt IKS	20,00 %	Revisjon
Setpro AS	20,00 %	Vernede arbeidsplasser
Setesdal Miljø & Gjenvinning IKS	20,00 %	Renovasjon
Setesdal Brannvesen IKS	21,79 %	Brannvern og brannberedskap
Konsesjonskraft IKS	3,30 %	Distribusjon og handel med elektrisitet
Agder Setretariat (§ 27)	6,30 %	Sekretær kontrollutvalg
Aust Agder museum og arkiv IKS	2,00 %	Museumsdrift
Setesdal IKT	20,00 %	IKT
Setesdalmuseet Eigedom IKS	33,30 %	Eigar av museumseigedom
Setesdal Regionråd	25,00 %	
Setesdal barnevern		Vertskommunesamarbeid - Valle som vertskommune
Setesdal PPT		Vertskommunesamarbeid - Valle som vertskommune
Kommuneoverlege		Vertskommunesamarbeid - Bygland som vertskommune
Jordmor		Vertskommunesamarbeid - Bygland som vertskommune
PU boliger		Vertskommunesamarbeid - Bygland som vertskommune
LMT		Vertskommunesamarbeid - Evje & Hornnes som vertskommune
KØH		Vertskommunesamarbeid - Evje & Hornnes som vertskommune
Vassdragsstyre Øvre Otra		Vertskommunesamarbeid - Bygland som vertskommune



3 – KOMMUNALE TENESTER

I denne delen av årsmeldinga vil ein gi ein kort rapport om året som har gått frå kvar av resultateiningane. Nokre einingar har halde seg innafør ramma, medan andre har hatt eit meirforbruk.

POLITISK STYRING OG KONTROLLORGAN

Omtale:

Rammeområdet omfattar all politisk verksemd i kommunen, så som godtgjering og løn til politikarar, reiseutgifter, tapt arbeidsforteneste og andre utgifter i samband med møte med meir. I tillegg omfattar kapittelet kommunen sine utgifter til Setesdal Revisjonsdistrikt.

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2015:

Politisk styring og kontrollorgan	Regnskap 2015	Revidert budsjett 2015	Regnskap 2014
Netto driftsramme	2 708 028	2 685 000	2 610 470

Kommentar:

Området skal i årsmeldinga sjåast under eitt. Det er eit lite meirforbruk på dette området som skuldast auka utbetaling av tapt arbeidsforteneste til kommunestyrerepresentantar.

STAB/ FELLESGIFTER

Omtale:

Eininga omfattar rådmannskontoret sine oppgåver innan administrasjon, leining og økonomi, tenestetorg, IKT, kyrkjelege føremål, folkehelsekoordinator, pedagogiske fellestenester, PP-tenesta, frivilligsentralen og kultur, bibliotek, bygdebok og ungdomsklubb.

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2015:

	Regnskap 2015	Revidert budsjett 2015	Regnskap 2014
Rådmannskontoret, fellesutgifter og folkehelsekoordinator	6 247 850	7 475 941	7 206 598
Tenestetorget	2 550 610	2 789 013	2 585 735
IKT	2 840 432	2 800 000	2 839 335
Kyrkjelege føremål	1 251 014	1 240 000	1 214 080
Pedagogiske fellestenester	1 429 596	1 268 000	1 080 618
Sum	14 319 502	15 572 954	14 926 366



Kommentar:

Kostnadane er reduserte frå 2014 til 2015. Dette skuldast i hovudsak at det har vore langtids sjukemeldingar der ein ikkje har sett inn vikar. I tillegg har ein hatt kostnadsfokus og nytta dei moglegheitene for innsparing som har dukka opp gjennom året. I 2015 heldt ein fram med arbeidet med å flytte kostnader frå tenestetorget og inn på fellesutgifter. Dette vart gjort då ein tidlegare hadde belasta tenestetorget med utgifter som gjekk på fellesområdet. Ein jobbar også med å samle tilhøyrande kostnader under IKT. Difor er det naturleg at ein ser desse områda under eitt i rekneskapen. Tenestetorget vert i tillegg omtala som eit eige einingsområde. Rekneskapet for Vassdragsstyre Øvre Otra blei i 2014 lagt inn under rådmannskontoret. Dette gir ei auke i rekneskapet, då momskompensasjonen for 2014 vart refundert området i 2015 i sin heilhet. Ordinære driftskostnader vert normalt nullt ut med fondsmidlar.

Meirforbruket på IKT skuldast at det er overført kostnader frå andre områder inn på IKT. Det er framleis litt uoversiktleg kva kostnader som skal dekkast av IKT Setesdal og kva kostnader som kommunen sjølv skal utgiftsføre.

Overordna lønn/personal

Sjukefråver:

Sjukefråver	1.kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal
Totalt i kom.	8,38	5,60	5,17	7,46

Sjukefråveret i 2015 har vore ca 6,6 % i gjennomsnitt. Det er ein reduksjon frå året før då gjennomsnittet var 7,7%. Sjukefråveret er i hovudsak langtidsfråver.

Personalverktøy:

Arbeidet med å leggje/utarbeide dokument i KvalitetsLosen no Compilo har halde fram. Det same gjeld personalhandboka slik at den vert politisk handsama i første halvdel av 2016.

Arbeidsmiljøutvalet:

I 2015 hadde arbeidsmiljøutvalet 17 saker til handsaming. Det vart gjennomført helsesamtale/arbeidsmiljøundersøking i begge oppvekstsentra

Forhandlingar:

2015 var det mellomoppgjer med lokale forhandlingar heimla i kap. 3 og 5 i HTA. For forhandlingane vart fylgjande føringar lagt til grunn:

- Kriterie ein vart samd om i drøftingsmøte
- Føringar/kriterie gjevne i personalhandboka.
- Ein såg og til årslønnsveksten i kap. 4, lokalt overheng samt at kommunen gjennomgjekk ein stor kuttprosess i 2015.

Det vart ingen brot i år. Organisasjonane Naturviterne og Econa var i konflikt med KS og var ikkje med i drøftingane/forhandlingane i 2015.

Likestilling:

I kap. 3.3 (Likestilling) i personalhandboka vår har vi formulert fylgjande mål:



- * Ha ein organisasjonskultur og eit arbeidsmiljø som inkluderar/ ivaretek og verdset begge kjønn på lik linje.
- * Gje begge kjønn lik moglegheit til arbeid og til personleg og fagleg utvikling.
- * Balansert kjønnsmessig samansetjing innan alle sektorar og arbeidsområde.
- * Kjønn vert likestilt med omsyn til lønnsvurdering.
- * Balansert samansetning av kjønn i leiande stillingar

Kompetanseutvikling:

Mål

Gje begge kjønn lik moglegheit til arbeid og til personleg og fagleg utvikling

Heile kommunen

Mål

Balansert kjønnsmessig samansetjing innan alle sektorar og arbeidsområde

Heile kommunen	Årsverk %	Antall %
Kvinner	80	82
Menn	20	18

Lønn

Mål

* Kjønn vert likestilte med omsyn til lønnsvurdering

Alle arbeidstakarane i Bygland kommune vert vurdert ut frå same kriterium, dei som er vedtekne i personalhandboka.

Leiarar:

Mål

Balansert samansetning av kjønn i leiande stillingar

Leiargruppa:

	% kvinner	% menn
Totalt	33	67

Kommunen har no ei overvekt av menn i leiande stillingar, det har variert dei siste åra. Gruppa er lita og utskifting av ein person gjev store % utslag. Kommunen har derimot ikkje klart å nærme oss ei balansert samansetning av kjønn på oppvekstsentra og i helse/omsorgssektorane. Kommunen har i 2015 ikkje lagt vekt på spesielle tiltak innan området men har nytta dei vedtekne personalverktøya vi har uansett kjønn, etnisitet, funksjonsgrad, religion m.m.



FRIVILLIGSENTRALEN

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2015:

	Regnskap 2015	Revidert budsjett 2015	Regnskap 2014
Frivillig sentralen	247139	443396	442786

Kommentar

Ein syner her til Frivilligsentralen si eiga årsmelding, som vert framlagt på årsmøtet.

TENESTETORG

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2015:

	Regnskap 2015	Revidert budsjett 2015	Regnskap 2014
Tenestetorg	2550609	2789013	2 585 735

Tilsette

Det har i 2015 vore 4.05 årsverk i Tenestetorget.

Sjukefråver

Tenestetorget har som året før eitt relativt høgt sjukefråver. Det er få tilsette, og når det blir høgt fråver på ein skilde tilsette, gjev dette store utslag på statistikken. Ein har likevel klart å halde basisfunksjonane som sentralbord, arkiv og politisk sekretariat ajour utan bruk av vikarar.

Administrasjonen har lagt ned mykje arbeid i å prøve å få ned sjukefråveret i dialog med NAV.

Kuttprosess

Tenestetorget er ei av einingane som i stor grad er berørt i kuttprosessen. Det er vedteke at eininga skal leggjast ned i 2016. Det har vore fleire møter gjennom året der ein har drøfta ulike omstillingsalternativ. Det vere seg bemanning og oppgåveløysing, og korleis ein skal møte publikum med mindre ressursar.

Arbeidsoppgåver

I 2015 blei basisoppgåvene prioriterte. Sentralbord, post, arkiv og politiske utval må fungere til ein kvar tid.

Dokument i sakshandsamingsystemet i tida 01.01.2015 – 31.12.2015

Eining	Dokumentpostar
Drift og forvaltning	3099
Byglandsfjord oppv.senter	230
Bygland oppv.senter	655
Helse	129
Pleie og omsorg	332
Tenestetorget	468



NAV	80
Ordfører	53
Personal	55
Rådmannen	269
Økonomiavd.	102
SUM	5 472

Tenestetorget prioriterer å halde postregistreringa ajour. Ein journalfører som hovudregel dagleg, slik at postjournalen i Innsyn skal vere så oppdatert som mogeleg. Inngåande og utgåande dokument som er arkivverdige, blir synlege i postjournalen med eit par dagars forseinking. Ein har som mål at Bygland kommune skal vere «*open og gjennomsiiktig for slik å styrkje informasjons- og ytringsfridomen, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte tilliten til det offentlege og kontrollen frå ålmenta.*» (Utdrag frå Offentleglova § 1)

Møtesekretariat

Under følgjer ein kort, oppsummert tabell over dei mest sentrale politiske aktivitetane i 2015 som er registrert i sak/arkivsystemet.

Utval	2015	
	Antal møte	Antal saker
Kommunestyret	11	89
Formannskapet	12	77
Administrasjonsutvalet	6	7
AMU	6	17
Plan miljø og ressurs	7	95
Kultur og oppvekst	2	17
Vilt og fisk	2	11
Valstyre	3	7
Råd for eldre og f.hemma	5	20
Sum	54	340

Ein ser no resultata av auka satsing på arbeidsmetodikk og kompetanse på fagområdet. Sjølv med fleire utval og mykje sjukdom, vert kvaliteten på arbeidet god. Ressursbruken har vore relativt låg, og samhandlinga med politisk nivå har vore framifrå.



KULTUR

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2015:

Kultur	Regnskap 2015	Revidert budsjett 2015	Regnskap 2014
Kultur	734 366	745 955	561 155
Ungdomsklubb	176 304	186 500	207 817
Bibliotek	594 350	598 000	605 669
Musikk og kulturskule	303 441	347 000	286 856
Bygdebok *	0	0	0
Museum	362 000	360 000	350 760
Netto driftsramme	2 170 461	2 237 455	2 012 257

* Bygdeboka hadde eit overskot på ca kr 16.000,- dette er sett av til bygdebokfondet.

Tilsette

Det var tilsett ein kulturleiar i 60 % stilling i 2015. Frå januar til august var vedkommande i svangerskapspermisjon, og det vart tilsett ein vikar. Det vart gjennomgått ein kuttprosess, og stillinga vart vedteke å kuttast til 40 % frå 2016.

Det er tilsett ein ungdomsleiar på ungdomsklubben i 25 % stilling. I tillegg har det vore ei ekstrahjelp til stades ved arrangement, turar ol.

På biblioteket har det vore ein biblioteksjef i 60 % stilling, samt at vedkommande har 10% som skulebibliotekar.

Sjukefråver

Det har kun vore ei sjukemelding på 14 dagar. Elles har det ikkje vore sjukefråver.

Kompetanse

Kulturleiar har vore på kurs med fylkeskommunen med tanke på å styrke og utvikle UKM.

Arbeidsoppgåver

Kulturleiar har budsjett-, personal- og fagansvar for ungdomsklubb, kulturskule, kultur, bygdeboka, bibliotek og museum. I tillegg kjem handsaming av saker knytt til kultur. Kulturleiar skal søkje om midlar til og rapportere på idrettsanlegg. Ho skal dessutan vere kommunen sitt bindeledd ut mot organisasjonar/lag/foreiningar, og hjelpe desse om det er naudsynt. Ho har heilt eller delvis ansvar for diverse kommunale arrangement og tiltak, til dømes Den Kulturelle Spaserstokken, Bygdekino, etc.

Biblioteksjefen har ansvar for dagleg drift av folkebiblioteket, samt skulebiblioteket.

Ungdomsleiar er ansvarleg for ungdomane i opningstida hjå Ungdomsklubben, og for at ungdomane har eit godt fritidstilbod. Han har samarbeida med ekstrahjelp om aktivitetar og om planlegginga av arrangement.



Bygland folkebibliotek

	Barn	Vaksne	Besøk t.	Utlån b.	Utlån v.	Utlån t.
2013	1973	2305	4278	4728	5141	9869
2014				4240	5424	9664
2015	1706	2120	3826	3815	5336	9151

- Utlånstala er litt lågare i år, men framleis over 9000 eksemplar. Ein tydeleg årsak er at biblioteket på Bygland var stengt i ein måned på grunn av oppussing. Dette har og påverka besøkstala noko.
- Biblioteket har hatt faste avtalar med skuleklassane og barnehagane om besøk.
- Barnehageungane som startar på skulen til hausten har hatt lesestund kvar måned og alle ungane fekk kvar si bok om våren i gåve frå biblioteket.
- Folkebiblioteket har hatt samarbeid med Bygland Frivilligsentral om bokkafé på Byglandsfjord (kvar veke).
- Biblioteket er med i Agder Samsøk (kan søke i alle bibliotekatalogane på Agder i eit søk på internett) og fellestransporten av bøker mellom biblioteka på Agder og landet elles.
- Prosjektet 1: Litteraturserie for unge: Det har vore gjennomført 4 arrangement i dette prosjektet. Det har vore bokbad, foredrag med besøk av forfattarar og teater. Det er kulturleiareren og biblioteksjefen som har arrangert saman.
- Prosjekt 2: Redesign av biblioteket: Fått pengar frå Aust-Agder bibliotek og kulturformidling til oppussing av biblioteklokala på Bygland. Det er kome prosjektor, stolar, hjul på hyllane. Tilskot frå bankbygg AS muleggjorde endring av vegger og nytt gulvbelegg.
- I samband med Den kulturelle spaserstokken (gjennomført av kulturleiar, frivilligsentral og aktivitør på heimen) har det vore halde konsert på biblioteket for fyste gong.

Kulturskule

Kulturskulen er eit interkommunalt samarbeid mellom Bygland kommune og Evje og Hornes kommune. Kulturskuleinspektøren har ansvar for det administrative arbeidet i Kulturskulen. Han var ute i foreldrepermisjon hausten 2014, og delar av 2015. I denne perioden i varetok kulturleiar i Evje og Hornes oppgåva. Det blir undervist i trommer, fiolin, gitar, bass, trekkspel, piano, korps, song, ballett, kyrkjeorgel, kunst og handverk, munnharpe. På Bygland/Byglandsfjord var det tilbod om: Piano, trekkspel, song, gitar, bass, band, småtrommer/rytmar, og munnharpe.

Det viser seg å vere ei utfordring kvart skuleår å få kompetente medarbeidarar til å dekkje små stillingsprosentar i enkelte disiplinær. Dette medfører ein stillingsvakans. Bygland kommune har ca 75 % stilling, men det har vore ein vakanse på om lag 21 %.

Ungdomsklubb

Klubben er open måndag og onsdag 19:00 til 22:00. Ekstrahjelpa var mykje til stades i samband med særskilde aktivitetar. Saman med kulturleiar hadde ungdomsleiar og ekstrahjelp laga ein aktivitetsplan, som vart følgt. Denne involverte fjellturar, «linking»,



konkurranskveldar, etc. Fleire av ungdomane på klubben var med å skipe til UKM i Evje. Det har vore godt med oppmøte på klubbkveldane (opp mot 20 kvar gong), og ungdomsleiaren og ekstrahjelpa meiner kveldane går veldig bra. «Husstyret» er ansvarlege og bidreg i planlegginga av arrangement. Det har vore naudsynt med oppussing av lokalet, men dette har ikkje blitt gjort enno.

Kultur

UKM vart halde på Evjemoen kino i februar. Dette var eit vellukka arrangement, der kulturleiar var sterkt involvert. På hausten byrja nytt arbeid med rekruttering av deltakarar og ungdomsarrangørar, samt planlegging av nytt arrangement.

I løpet av 2015 har kulturleiaren + biblioteksjefen starta eit prosjekt kalla «Litteraturserie for ungdom». Opplegget er fleire ulike arrangement med tilknytting til litteratur på biblioteket. Kulturleiaren har gjort ein stor jobb med å søkje om midlar til dette, og har fått støtte frå tre ulike hald på til saman over 70 000 kr. 4 arrangement.

Den Kulturelle Spaserstokken, har vore aktiv og hatt ca. eit arrangement i månaden med unntak av sommaren. Dette eit kulturtilbod for dei eldre og godt vaksne.

Det er Bygdekino ein gong i månaden. Samarbeidet med 4H har fungert flott. Kulturleiaren er til stades for å koordinere arbeidet, og som ansvarleg for arrangementet.

Kulturleiaren var sterkt involvert i byggjekomiteen for idrettshall, som heldt fleire møter og var på synfaring på andre kommunar sine haller. Ho heldt dialog med fylkeskommunen med tanke på tilskot til hallen (og andre idrettsbygg), og var ansvarleg for å søkje i desember.

I høve Friluftslivets år vart det gjort vedtak om at Bygland kommune skulle delta i denne landsomfattande kampanjen/tevlinga. Kulturleiar var ansvarleg for å planleggje tiltak, og for å gjennomføre nokre av dei. Det var arrangert båltur med ordføraren, ei «natt i naturen» på Tangen, vandretur med bygdekvinnelaget, og pratemøte ved kommunehuset med ordførarar. I tillegg var ungdomsklubben på hyttetur/topptur. Kulturleiaren hadde også rapporteringa på dette.

Kulturleiar har elles forsøkt å halde Facebook-sida til Bygland kommune oppdatert. Ho er dessutan ansvarleg for Instagram og you tube kanal.

Når det gjeld kulturmidlar, har kulturleiar og kultur- og oppvekstutvalet lagt vekt på å gje tilskot til lokale tiltak og aktørar. Kulturleiar har elles brukt mykje tid på å hjelpe lag og foreiningar med å søkje om driftstilskot og andre tilskot.

Bygdeboka

I 2014 gjorde kommunestyret vedtak om å sette av midlar til å slutføre arbeidet med bygdeboka. Til dette føremålet er det sett av kr 4 000 000,- på fond som skal vere tilstrekkeleg for å slutføre arbeidet. Det er inngått avtale med Ådne Fardal Klev som bygdebokforfattar. Budsjetterte midlar vart ikkje teken i bruk i 2015. Det var nokre kostnadar til arbeidet, men sal av bøker dekkar desse kostnadane og gav eit overskot i rekneskapet på kr 16.433,- som er satt av til Bygdebokfondet.



Aust-Agder museum og arkiv IKS

I 2014 vart det vedteke å avvike Setesdalsmuseet IKS og skipe Aust-Agder museum og arkiv IKS. Dette er eit samarbeidsprosjekt der alle kommunane i Aust-Agder og fylkeskommunen har gått saman om ei storsatsing på museums og arkivområde. Konsolideringa av det nye selskapet vart gjennomført i 2015.

RESULTATEINING: BYGLAND OPPVEKSTSENTER (SKULE, SFO OG BARNEHAGE)

Omtale av eininga:

Ordinær skuleverksemd i 1. – 10. klasse, barnehage, vaksenopplæring, skulefritidsordning (SFO) og leksehjelp.

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2015:

Bygland Oppvekstsenter	Regnskap 2015	Revidert budsjett 2015	Regnskap 2014
Netto driftsramme	15 765 346	16 498 533	15 992 454

Kommentar:

Som tala viser er det eit mindreforbruk på kr 733.187, eller 4,4%. Grunnen til dette store mindreforbruket er dels god kapasitetsutnytting i barnehagen, med to fulle avdelingar, og dels inntekter generert av mottaket. Mot slutten av året vart også bemanninga til ein viss grad tilpassa «kuttprosessen» som vart vedteken for 2016.

Utvikling i elevtal:

For Bygland skule vil prognosane for elevtal dei komande åra sjå slik ut:

Fødde	1998	1999	2000	2001	2002
Skuleår:	2013/14	2014/15	2015/16	2016/17	2017/18
Elevtal:	114	103	120	120	120

Her er dei minoritetsspråklege borna frå asylmottaket på Nesmoen talde inn i skulen sitt totale elevtal, med unntak av 2014, då det ikkje var drift ved mottaket

Barnetrinnet har føregåande på vore organisert etter ein 5 delingsmodell, medan ungdomsskulen er fulldelte klassar.

Slik såg gruppesamansetninga ut for skuleåret 2014/15 :

Trinn	1	2+3	4+5	6	7	8	9	10
Antal elevar	9	14	20	14	8	12	22	21

Kommentar:

Vi ventar 10 fyrsteklassingar frå hausten, så elevtalet held seg stabilt når borna frå asylmottaket vert rekna med.



Barnehagen:

Barnehagen har opningstid frå 07.15 – 16.30 alle dagar. Ved nytt barnehageår hausten 2015 var det 18 born på Storestog og 9 på Lislestog.
Dei aller fleste barn i Bygland kommune går no i barnehagen.

SFO:

Vi tilbyr no SFO alle vekedagar frå 07.15 til 16.30. I samband med omorganiseringa av skuleveka har vi og tilbod om gratis SFO fram til ordinærskuleskyss går om ettermiddagen. Vi hadde ved årsskifte 9 betalende born på SFO

Vaksenopplæring:

Forseinka grunnskuleopplæring for vaksne har vi ikkje. Det vi har drive er norsk og samfunnsfag-opplæring for asylsøkjjarane og folk med opphald på mottaket. Elevtalet her har vore aukande gjennom året, og ved årsskiftet hadde vi 66 elevar på norskopplæring, og omlag 30 på venteliste.

Dei busette flyktingane er også inne i dette systemet, delvis kombinert med mottakselevane, og dels på eige opplegg.

Bemanning:

Bemanning – ant. årsverk:	2012	2013	2014	2015
Administrasjon	2,30	2,20	2,0	2,3
Undervisningspersonale	14,37 inkl. leksehjelp	15,46 inkl. leksehjelp	13,62	16,22
Assistentar	3,85	3,40	2,10	2,42
Sekretær	0,5	0,50	0,5	0,5
Bibliotekar	0,08	0,08	0,08	0,08
Barne- og ungdomsarbeidarar	1,0	1,4	2,45	3,6
Førskulelærarar	3,4	3,0	2,2	3,7
Samla bemanning:	25,5	26,04	22,95	26,17

Kommentar:

Tala for 2015 er pr. 31/12. Ved starten av året var bemanninga tilpassa drifta for 2014, dvs. utan asylsøkjjarar i grunnskulen, og ikkje drift på vaksenopplæringa. Ettersom aktiviteten ved Bygland statlege mottak har auka sterkt gjennom året, har vi også måtte auke bemanninga tilbake på 2013 nivå. Dette er stillingar som i si heilhet er finansiert gjennom eksterne inntekter.



Generelle utviklingstrekk – viktige hendingar i 2014:

Barnehagen:

Satsingsområde:

Vi vil ut!

Mål:

- * Barna skal oppleve glede og inspirasjon ved å leike ute i naturen.
- * Barna skal få kunnskap om korleis verne naturen.
- * Barna skal få oppleve uterommet som ein god stad å vere.
- * Barna skal få oppleve uterommet som ein god arena for leik, aktivitet og samvær.
- * Barna skal få erfaring med varierte og allsidige bevegelser og med å bruke heile kroppen
- * Barnehagedag saman med Byglandsfjord barnehage

Skulen

Vurdering for læring

Vurdering for læring (VFL): Dette har til ein viss grad avløyst SKU. Ulike vurderingsformer, tilbakemeldingar til elevane og elevmedverknad står i sentrum her. Dette er ei kommunal satsing og vi har eit tett samarbeid med Byglandsfjord oppvekstsenter.

I tillegg har vi hatt fokus på:

- Vurdering for læring, med mellom anna tettare oppfølging av elevane gjennom fleire og meir strukturerte elev- og foreldresamtalar
- Leseopplæring på småskulesteget gjennom prosjekt «Rettleia lesing»
- Klasseleiing
- Elevmiljø/trivsel
- Lokale læreplanar

Av andre aktivitetar, kan nemnast:

- Tematur med «Aktive fredsreiser» til konsentrasjonsleirane i Tyskland og Polen i samarbeid med Valle skule
- Lesevake
- Leselystprosjekt
- Mattedagar
- Kulturell skulesekk for alle klassesteg
- Rikskonsertar
- Skogdag for 9. klasse
- Joleverkstad
- Kultur dagar
- Gamaveke
- Vårfest/dugnad i regi av FAU



- Trivselstilltak:
 - Bli kjent tur for ny 8. klasse
 - Joleball/jolefest
 - Lagedag
 - Alpindag/skidag
 - Aktivitetsdag og besøksdag med Byglandsfjord
 - Påskelunsj

Utviklinga framover – målsettingar:

- Utvikle oppvekstsenteret som driftseining
- Vurdering for læring
- Vidareføre satsing på språk, fysisk aktivitet og nærmiljø i barnehagen
- Utvikle ein inkluderande skule og barnehage
- Bli betre på elevmedverknad og eigenvurdering
- Opplæring og innføring av læringsplattforma «Fronter» på barnetrinnet
- Halde fram med satsing på lesing og skriving
- Vi arbeidar kontinuerlig med kvalitetsutvikling og fokus på gode resultat
- Forbetre kommunikasjonen mellom oppvekstsenteret og heimane, særleg gjeld dette bruk av heimesida
- Tidleg innsats og prioritere spesialundervisning på lågare trinn
- Vi legg i sterkare grad vekt på tilpassa opplæring- TPO
- Halde fram arbeidet med å førebyggje og stoppe mobbing.
- Vidareutvikle «Dette er mitt val»
- Bruke nasjonale prøver meir som eit verktøy i undervisninga

RESULTATEINING: BYGLANDSFJORD OPPVEKSTSENTER

Omtale av eininga:

Eininga består av ordinær skuleverksemd 1. – 7. klassesteg, skulefritidsordning (SFO) og barnehage. Barnehagen har to avdelingar med til saman 27 plassar.

Netto driftsutgifter - budsjett og rekneskap for 2015:

Byglandsfjord Oppvekstsenter	Rekneskap 2015	Revidert budsjett 2015	Rekneskap 20134
Netto driftsramme	8 883 906	9 773 051	9 293 675

Kommentar:

Det er eit stort positivt avvik mellom budsjett og rekneskapet i 2015. Dette skyldast for det første eit svært godt arbeid frå alle på oppvekstsenteret i forhold til å drive så kostnadseffektivt som mogleg. I tillegg starta oppvekst i Bygland kommune kuttprosessen allereie i januar 2015, ved at ein tilsett vart flytta frå Byglandsfjord oppvekstsenter til Bygland oppvekstsenter. Noko som førte til ein rein sparing



på oppvekst. På det tidspunktet tenesteleiar budsjetterte 2015, var det heller ikkje kome i stand ein avtale mellom Evje og Hornnes kommune og Bygland kommune i forhold til dei borna som er busette på Senum, men som går i barnehage på Byglandsfjord. Tenesteleiar kunne difor ikkje budsjettere med dei inntektene. Det har i tillegg vore eit lågt sjukefråvær på oppvekstsenteret og lite vikarbruk.

Skulen:

Elevtalsutvikling:

Elevtalsutvikling:

Tabellen under viser utviklinga i elevtalet ved Byglandsfjord oppvekstsenter. I tillegg er ein prognose for elevtalsutviklinga framover skissert:

Fødselsår:	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Skuleår:	2012/13	2013/14	2014/15	2015/16	2016/2017	2017/18
Elevtal:	44	46	42	41	51	53

Tala på busette elevar er stabile og prognosen visar at tala vil halde seg jamne dei neste åra. Frå 2016 har Byglandsfjord oppvekstsenter også starta opp med undervisning av minoritetsspråklege elevar frå mottaket, desse elevane utgjør rett over 25% av elevmassen på Byglandsfjord oppvekstsenter.

Skulen vil også neste skuleår vere organisert etter ein tredelingsmodell. Slik ser gruppesamansetninga ut for skuleåret 2016/17:

Trinn	1-2	3-4	5-6-7
Antal elevar	14	14	23

Skulen mottok komande skuleår 4 nye fyrsteklassingar

Skulefritidsordninga:

SFO hadde 16 brukarar i skuleåret 2015-16, og det er venta å halde seg like høgt for neste skuleår (jamfør kor mange som har søkt og fått plass).

Barnehagen:

Barnehagen avsluttar året 2015-2016 med nesten fulle avdelingar, dvs. 26 barn fordelt på 2 avdelingar (17 på stor avdeling og 9 på liten avdeling). Frå hausten 2016 er det forventa 26 barn i barnehagen.

Bemanning:

Bemanning – ant. årsverk:	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Leiing og administrasjon	1,2	1,2	1,2	1,4	1,4	1,4*	1,4*
Undervisningspersonale	6,82	6,65	7,4	6,68	6,75	6,28	??



Fagarb./Ass. Skule/SFO	1,85	2,2	3	2,1	1,6	1,1	1,1
Fagarb./Ass (Barnehage)	3,8	3,6	3,6	3,2	3,2	3,2	3,2
Førskulelærarar/Ped.leiarar	2	2,2	2,2	2,6	2,6	2,6	2,6
Bibliotekar	0,02	0,02	0,02	0,02	0,02	0,02	0,02
IKT-teknisk	0,1	0,1	0,1	0	0	0	0
Samla bemanning:	15,79	15,97	17,52	16,00	15,57	14,60	14,60

*Tenesteleiar (100 %) og ass. Tenesteleiar/Bhg (40 %).

Generelle utviklingstrekk/viktige hendingar:

- Generelt:
 - Godt motiverte medarbeidarar med evne og vilje til nytenking og samarbeid på tvers av undereiningane. Gjensidig tillit, respekt og støtte mellom dei tilsette og leinga.
 - Lågt sjukefråver gjennom heile året.
 - Medarbeidarsamtalar gjennomført med alle tilsette.
 - Alle tilsette ved oppvekstsenteret kursa seg på Sørlandske lærarstemne.
- Barnehagen:
 - Fokus på fagområda; "Språk, tekst og kommunikasjon, kropp, bevegelse og helse". Andre tema ein arbeider med med er begrepsstrening og «det er mitt val».
 - Barnehagen tilfredsstillar krava til pedagognormen.
 - Handlingsplan mot mobbing i barnehagen.
 - Kurs i regi av «nettverk Setesdal»: «Inkludering og deltaking i fellesskap, leik og læring for alle barn i barnehagen».
 - Felles planleggingsdag med Bygland barnehage.
 - Markering av den nasjonale barnehagedagen.
 - Den kulturelle bæremeisen.
 - Nissedag.
 - Jolefrukost/Lucia.
- Skule/ SFO:
 - Kontinuerlig arbeid med det psykososiale miljøet på skulen/SFO. Tett samarbeid ang. desse sakane mellom dei tilsette, føresette og leiinga. Fokus på ros og positiv forsterkning.
 - Tettare samarbeid på heile oppvekstsenteret. Sett av meir tid til felles møte på tvers av skule, SFO og barnehage, med fokus på deling av informasjon og kunnskap.
 - Høgt fokus på «Vurdering for læring». Skulane i Bygland deltek i Vurdering for læring i pulje 5. Dette er eit omfattande satsingsområde og vi er no inne i det siste semesteret i denne satsinga. Utdanningsdirektoratet er leverandør av satsinga og ressurslærarar og pedagogisk rådgjevar er ansvarleg for å implementere på begge skulane. No blir det viktig å sjå korleis vi kan vidareføre arbeidet med VFL.
 - Mykje samarbeid mellom skulane i Bygland rundt vurdering for læring.



- Kompetanseheving av lærarar innan vurdering for læring.
- Ressurslærarane og pedagogisk rådgjevar har hatt jamlege møte.
- Planleggingskveldar med alle tilsette på begge oppvekstsentra.
- Vurdering for læring på Byglandsfjord oppvekstsenter:
 - Sett av tid til vurderingsarbeidet på personalmøte; faglege diskusjonar og konkrete eksempel.
 - Ressurslærarane og leiinga har hatt jamlege møte.
 - Lærarane har forska på eigen vurderingspraksis.
 - Kollegaveiledning.
 - Leiinga har hatt noko skulevandring, men vil det komande skuleåret ha meir fokus på dette.
- Satsing på tilpassa opplæring, tidleg innsats, rettleia lesing.
- Leksehjelp for 5.-7. klasse har vore eit godt besøkt tilbod blant elevane.
- Friluftsåret 2015 vart gjennomført. Heile oppvekstsenteret har hatt ekstra fokus på friluftsliv og kulturen i Bygland kommune. Alle elevane og dei største i barnehagen har fått vere med på ein hovudtur eller aktivitetsdag om hausten, ein om vinteren og ein om våren. Skulane i Bygland samarbeider der det høver seg slik. Tiltaket er meint å auke samhaldet og lære elevane viktige friluftslivsferdigheiter.
- Aktiv bruk av IKT. Det har blitt kjøpt inn smartboards til 1.-2. klasserommet og 3.-4. klasserommet. Det er elles god tilgang på bærebare PC.
- Praksiselev frå vidaregåande skule.
- Resultata frå dei nasjonale prøvene og elevundersøkinga syner at det blir gjort mykje godt arbeid i klasseromma og elles på skulen.
- I tillegg har vi hatt Åkke-veke, overnattingstur med heile skulen, den kulturelle skulesekken, skidag på Høgås skianlegg, Lucia- dag for oppvekstsenteret, lagedag før jul, julefest for heile bygda, julefrukost, disco med overnatting, tur til sjøen (Hellevika) m.v.
- Dei siste vekene før skulen slutter har vi friluftsvеke, her skal vi padle, overnatte ute, reise til sjøen, fiske, gå topptur, ha balldag og mykje anna.

Utviklinga framover – målsetjingar for oppvekstsenteret:

- Oppretthalde det gode tilbodet ved skule, SFO og barnehage.
- Implementere kommunen sine 5 verdiar i det daglege arbeidet.
- Meir fokus på internkontroll og beredskapsarbeid, med særskilt vekt på å få implementert kvalitetsstyringssystemet «Compilo».
- Halde fram med å drive oppvekstsenteret på ein kosteffektiv og god måte, med fokus på høg kvalitet og syn for det einskilde barn.
- Vidareføre og utvikle arbeidet med tilpassa opplæring til alle elevar ved skulen.
- Arbeide målretta for å betre det det fysiske læringsmiljøet (både ute og inne).
- Arbeide målretta for å oppretthalde det gode arbeidsmiljøet ved oppvekstsenteret.



- Fokus på lågt sjukefråvere gjennom førebygging, oppfølging og tilrettelegging.
- Vidareutvikle IKT opplegget på skulen og betre IKT opplegget i barnehagen. Innføre IKTplan.no.
- Kompetanseheve dei tilsette ut frå behov og ynskjer.
- Vidareutvikle samarbeidet med heimane og dei ulike medbestemmesutvala.
- Gjennomføre medarbeidarsamtalar kvar vår.
- Tilby gratis leksehjelp til 5.- 7. trinn. Behovsprøvd leksehjelp for 1.-4. trinn.
- Gjennomføre brukarundersøkingar kvart år.
- Gode resultat ut frå elevane sine føresetnader på nasjonale prøver i 5. klasse.
- Oppretthalde gode resultat på den årlege elevundersøkinga.

Overordna mål for heile verksemda:

- Tilby alle som søker ved hovudopptaket barnehageplass, og vere fleksible om nokon treng plass ved andre høve.
- Skulane i Bygland må gi barn og unge dei beste vilkåra for tryggleik, trivsel, samhandling og læring.
- I skular, barnehagar og SFO vil barna få forsvarleg tilsyn, slik at dei opplever tryggleik og trivsel i lag med andre gjennom heile dagen.
- Gi opplæringa ei lokal forankring gjennom bruk av lokal kultur og natur, slik at ein skapar identitet til heimplassen.
- Kvalitetssikre tilbodet i skular og barnehagar gjennom faste brukarundersøkingar, og vere opne for nytenking og innspel frå brukarane.
- Stimulere og leggje til rette for fysisk aktivitet på både dag- og kveldstid.
- Brukarane møter læringssituasjonar og utfordringar som er tilpassa individuelle føresetnadar og utviklingsbehov.
- Varierte metodar og fleksibel organisering i opplæringa er med på å auke læringsutbyttet.
- Fortsette det gode arbeide med Vurdering for læring.

Styringsmål:

- Arbeide for framleis å vere blant dei beste i Agder når det gjeld grunnskulepoeng.
- Arbeide for å få gode resultat på nasjonale prøver på 5. trinn.
- Arbeide for at elevane skal trivast og oppleve minst mogleg mobbing, og gode resultat på elevundersøkinga på 7. trinn.
- Arbeide for å halde sjukefråværet på eit minimum gjennom førebygging, oppfølging og tilrettelegging av dei sjukemeldte.
- Gjennomføre brukarundersøking i barnehage og SFO.
- Arbeide for lovmessig kort handsamingstid og høg kvalitet ved sakshandsaming.
- Gjennomføre medarbeidarsamtalar kvart år på våren.



RESULTATEINING: NAV

Omtale:

Føremålet med Lov om sosiale tenester i NAV er å fremje økonomisk og sosial tryggleik, å betre levekåra for vanskelegstilte, å bidra til auka likeverd og likestilling og å førebyggje sosiale problem. Vidare skal sosialtenesta bidra til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig, fremje overgang til arbeid, og til å ha ein aktiv og meningsfylt tilvære i saman med andre.

NAV arbeider med økonomisk sosialhjelp, råd og rettleiing, økonomisk rettleiing, Kvalifiseringsprogrammet.

Kommunen busetje flyktingar som kjem under introduksjonsordninga frå og med 2014.

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2015:

NAV	Regnskap 2015	Revidert budsjett 2015	Regnskap 2014
Netto driftsramme	1 092 949	1 526 573	1 207 699

*Inkluderer NAV-kontoret og NAV Flykting

Kommentar:

Eininga er godt innafør budsjetttrammene i 2015. Dette skuldast særskilt låge kostnader innafør økonomisk sosialhjelp. NAV Bygland har også i 2015 vore heldige med å halde desse kostnadane nede. Men dette er kostnadar som ein i hovudsak ikkje kan kontrollere. Ein har i tillegg hatt stor fokus på driftskostnadane og å halde dei låge.

Sosiale tenester:

Dei kommunale sosiale tenestene er organisert inn i NAV. NAV har 5 tilsette:

1,4 årsverk innafør det statlege tenesteområdet.

Per d.d. 1,6 årsverk innafør det kommunale tenesteområdet. Ein av medarbeidarane har vore 50 % frikjøpt tillitsvald i 2015.

Det har i samband med omstillingar i kommunen blitt redusert med 0,4 årsverk på flyktingtenesta, frå 1 årsverk til 0,6 årsverk.

NAV Bygland er eit sjølvstendig NAV kontor, og er ein del av tenesteområdet nord.

NAV skal gi menneske moglegheiter. Gjennom likeverdig samarbeid mellom arbeid, trygd og sosiale tenester skal brukarane berre møte ei dør til arbeids-, aktivitets- og velferdstenester i NAV.

Husbankens verkemiddel og flyktingtenesta er og organisert inn i NAV.

Talet på brukarar av sosiale tenester:

2008	2010	2011	2012	2013	2014	2015
47	22	22	22	20	12	17

Sakar handsama etter Sosialtenestelova:

2008	2010	2011	2012	2013	2014	2015
116	66	39	35	42	62	62

Det har vore ein positiv trend dei seinare åra og dette skuldast i hovudsak god rettleiing frå sosialtenesta, samhandling hos NAV lokalt mellom statleg og kommunal side, at fleire brukarar som tidlegare mottok økonomisk sosialhjelp har økonomiske rettar etter Folketrygdlova, samt aktiv bruk



av verkemiddelapparatet i NAV. Dette har ført til at talet på brukarar og saker har jamt over vorte reduserte.

Talet på klientar i aldersgruppa 18 - 24 har halde seg stabilt lågt.

I dei seinare åra har trykket på gjeldssaker vore aukande, det same har behovet for økonomisk rettleiing. Kommunen har god kompetanse på området og behandlar alle saker sjølve. NAV Bygland er også med i eit samarbeid rundt ei kompetansegruppe på økonomisk rådgjeving mellom alle kommunane i Aust-Agder som også styrkjer kompetansen på lokal kontora.

Økonomisk sosialhjelpsnorm har i 2015 vore:

	Einslege	Ektepar/Samboar
Bygland kommune	5 700	9 500

Flyktingtenesta:

Bygland kommune starta opp igjen busetjing av flykningar hausten 2014. Det vart heimla ei 100% stilling som flyktingkonsulent. Grunna omstillingar i kommunen er det i dag 0,6 årsverk på flyktingtenesta. I 2014 vart det busett ein flykting, og dei resterande fire som skulle busett same året vart overført til 2015 i påvente av ferdigstilling av flyktingbustader.

Sommaren 2015 vart det busett 2 familiar frå Syria. Ein opplever dette som positivt for kommunen og flyktingtenesta har eit godt samarbeid med vaksenopplæring, skule, barnehage og helse.

Det vart vedteke i kommunestyre 27.01.2016 at Bygland kommune skal busette 10 flykningar i 2016, 2017, 2018 og 2019. Grunna dagens situasjon i Syria og generelt den store flykningstraumen ein no ser, vil det kunne kome ekstra årlege oppmodingar frå IMDI.

NAV - Flykting	Regnskap 2015	Revidert budsjett 2015	Rekneskap 2014
Netto driftsramme	0	0	51507

Kommentar:

I 2015 har inntektene vore høgare enn kostnadane. Mindreforbruket er avsett til disponibelt fond for flyktingtenesta. Ein har høge tilskot i starten av integreringsperiodane, men dei blir raskt reduserte. Dette ansvaret vert saldert mot fond i den grad det er fondsdekning.

Husbanken

Kommunen kan gi startlån til personar som ikkje får lån i ordinære kredittinstitusjonar, eller ikkje får tilstrekkelig lån til å finansiere kjøp av bustad.

Startlån blir tildelt etter behovsprøving. Kommunen behandla søknadane og skal vurdere om ein kan forvente at søkjaren har langvarige problem med å finansiere eigd bustad og/eller har nytta mulighetene til sparing innafor dei økonomiske moglegheitene som aktuelle inntekter og naudsynte utgifter til livsopphold gir.

Kravet om at søkjaren har langvarig problem med å finansiere eigd bustad, og kravet til at søkjar utnytter moglegheitene for sparing, kan fråvikast i nokre saker.



Den som får startlån må kunne betjene lånet over tid, og framleis ha naudsynte midlar att til livsopphald.

Bygland kommune har ikkje tildelt dei store summene av Husbanken sine midlar til startlån:

NAV - Husbanken	Utdelt 2015	Revidert budsjett 2015
Tildelte midler		
Startlån	300 000	1 500 000
Tilskot	100 000	200 000



RESULTATEINING: HELSE

Innleiing:

Helsetenesta arbeider ut i frå det til ei kvar tid gjeldande lovverk, retningsliner og rettleiarar. Tenesta har som mål å arbeide godt saman på tvers av fag for kunne å gje kommunen sine innbyggjarar eit så godt helsetilbod som mogleg. Ved å utnytte kompetansen til kvar enkelt ynskjer eininga å ha god kvalitet på tenestene. Samarbeid med andre einingar i kommunen er og svært viktig slik at pasientar opplever eit heilskapleg tilbod.

Tenesteleiar, kommuneoverlegen og folkehelsekoordinator starta i 2015 på eit arbeid med å få oversikt over folkehelsestanden i Bygland kommune. Dette er eit stort arbeid som tek tid å få ferdigstilt. I løpet av fyrste halvår i 2016 bør gruppa ha ferdig grunnlagsmaterialet for vidare jobbing med folkehelse i alle einingane i kommunen. Folkehelseperspektivet skal implementerast i kommunen si handsaming og i alt planverk.

Det er utarbeida ny plan for smittevern i 2015.

Omtale:

Resultateininga omfattar legeteneste, fysioterapi, helsesyster, jordmor, psykisk helse og rus, psykiatribustader, støttekontakt og avlastning.

Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2015:

Helse og omsorg - Helse	Regnskap 2015	Revidert budsjett 2015	Regnskap 2014
Område Helse	7 293 619	8 577 018	7 705 586
Område Barnevern	3 392 276	2 764 000	3 243 613
Netto driftsramme	10 685 895	11 341 018	10 949 199

Kommentar:

Eininga er innafor budsjett. Helse har vore drifta ekstremt kostnadseffektiv og fangar opp auka i kostnader for barnevernet. Alle signal frå barnevernet på driftskostnader var positive fram til årsoppgjeret.

Barnevern:

Bygland kommune har interkommunalt barnevernssamarbeid med Valle og Bykle kommune. Valle er vertskommune. Barnevernssamarbeidet gir ein kvalitetsauke på tilbodet. Meirforbruk er i hovudsak knytt til kjøp av eksterne behandlingsskular. Ein har vore i tett dialog med leiar for barnevernet i løpet av 2015, og alle signal var at vi skulle ende på totalkostnader innanfor budsjett. Når sluttavrekningane kom, heldt ikkje ramma på dette området.

Legetenesta:

Kommunen har til saman 1,2 kurativt legeårsverk og 1 turnuslegestilling, til saman 2,2 årsverk i kurativ verksemd. Det er og tilsett kontorleiar i 100 % stilling og to legesekretærer i 55 % og 45 % stilling. Kommunen har felles kommuneoverlege med Evje og Hornnes kommune der Bygland



kommune nyttar 25 % stilling. Kommuneoverlegen er spesialist i allmenntmedisin og samfunnsmedisin.

Rettleiing og opplæring av ny turnuslege kvart halvår krev at legar og legesekretærar set av tid til dette arbeidet. Pr. 1.3.16 er det 1294 personar som har fastlege i Bygland. Asylmottaket har medført ein auke i pasienttalet, dette er pasientar med komplekse sjukdomar og traumer. Dei manglar ofte medisinske opplysningar og det er tidkrevjande og vanskeleg å innhente journalar og opplysningar frå andre legekontor eller mottak. Legetenesta har eit svært godt samarbeid med tilsette på asylmottaket.

Aktivitet:

Kontoret på Byglandsfjord er ope på onsdag og fredag, legekantoret på Bygland er ope alle dagar når kommunen har turnuslege. Kommunelegen er tilsynslege på Byglandsheimen og har tilsyn på tysdagar og er helsestasjonslege. Tilsynslegen deltek og saman med tenesteleiar Helse i Omsorgsnemda som behandlar søknadar om tenester og langtids plass på sjukeheimen. Kommuneoverlegen utfører lovpålagde oppgåver i smittevern og samfunnsmedisin og han deltek saman med tenesteleiarane i PLO og Helse i Interkommunalt Leiarnettverk for helse og omsorgstenestene i Setesdal.

Legevaktordning:

Kommunen har legevakt samarbeid med Kristiansand kommune. Avtalen blei sagt opp og tenesteleiar og kommuneoverlege har arbeidd med planlegging og organisering av legevakt saman med Evje og Hornnes kommune frå 1.7.16.

Fysioterapitenesta:

Kommunen har 75 % driftsavtale med sjølvstendig næringsdrivande fysioterapeut, og kjøper kommunale tenester av henne. Fysioterapeuten har sitt arbeid innan alle dei kommunale helsetenestetilboda.

Helsestasjonstenesta:

Helsestasjonen skal bidra til førebyggjande arbeid og auke fysisk og psykisk trivsel hos barn og unge, gravide kvinner og familiar med små born i tråd med Forskrift for helsestasjonstenester. Dei tilsette deltek i fagnettverk i Setesdal.

Helsesyster:

Kommunen har 100 % fast stilling som helsesyster. I august sa leiande helsesyster opp si stilling og sjukepleiareren som tidlegare var tilsett i ei deltidstilling auka si stilling til 80 %. Vilkår for tilsetjinga av helsesyster er at ho søker seg inn på helsesysterutdanning.

I psykisk helse og rustenesta er det personale med god kompetanse og utdanning i psykisk helse- og rusarbeid. 20 % av helsesysterstillinga blei styrka med tilsette med denne kompetansen. Dei skal arbeide med dei eldste ungdomane med psykisk helse og rusutfordringar. Ein tilsett har utdanning i motiverings samtalar for hasjavenning.

På grunn av asylmottaket har det vore ei auke av born som treng helseundersøkingar og tenesta leiger inn hjelp frå ein sjukepleiar for å kunne rekke over alle helseundersøkingar og vaksinar.



Aktivitet:

Helsesystemtenesta omfattar alle born frå 0 - 18 (20) år, fordelt på helsestasjonsarbeid og skulehelseteneste.

Alle born før skulestart får innkalling og tilbod om helsekontroll saman med fysioterapeut.

Helsesystem har gitt aktuelle, anbefalte vaksiner, individuelt tilpassa. Vaksinerings av born på asylmottaket blir gjort i samarbeid med Folkehelseinstituttet.

Helsesøster er tilgjengeleg fast i på Oppvekstsentra på Bygland og Byglandsfjord, og på KVS Bygland.

Ho har også ansvar for å kalle inn til Tverretatleg team for barn og unge og arrangerer samarbeidsmøte med ABUP.

Jordmortenesta:

Bygland kommune er vertskommune for jordmorsamarbeid mellom Evje og Hornnes kommune og Bygland kommune.

Bygland har 20 % stilling som jordmor og 40 % stilling til føljeteneste for fødande som har lenger reiseveg enn 1 ½ time. Føljetenesta blir delt mellom jordmødrene i båd kommunane. Føljetenesta blir finansiert av SSHF. Det er og ein avtale om å hospitere i SSHF ei veke i året for å sikre kompetansen til jordmor. Avtalen er no under revisjon, men føljetenesta vil bli oppretthalden. Dette er spesielt viktig for fødande på asylmottaket.

Psykisk helse og rus:

Målet for tenesta er å fremje psykisk helse ved å førebyggje, avhjelpe og behandle vaksne menneske med psykiske lidingar og rusavhengigheit i kommunen.

Det var i 2015 1,75 stillingar fordelt på fire personar med psykiatri-, rus- og aktivtør- kompetanse.

Frå 1.8 blei stillingsressursen kutta ned til 1,45 stilling som eit ledd i kuttprosessen. Tenesteleiar har 50 % av si stilling i psykisk helse og rustenesta.

Aktivitet:

Brukarar av tenesta blir tildelt oppfølging ved enkeltvedtak. I 2015 hadde 44 brukarar vedtak om oppfølging. Det er til ei kvar tid om lag 30 pasientar som nyttar seg av tilbodet.

Brukarane får oppfølging i heimen, eller ved samtalar på kontoret. Ein del av brukarane har store og samansette psykiske- og rusrelaterte lidingar og har difor behov for tett oppfølging og koordinering av tenestene. 5 av brukarane hadde Individuell Plan der koordinator er tilsett i psykisk helse og rustenesta. Tenesta inneheld også eit dagtilbod som blir nytta av 6- 8 personar og er ope på torsdag på den gamle skulen i Grendi.

Tenesta samarbeider med dei kommunale tenestene og spesialisthelsetenesta. Personalet får jamleg rettleiing ved DPS Aust-Agder, psykiatrisk poliklinikk Vest.

Dei tilsette deltek i Fagnettverk psykisk helse og rus som er eit interkommunalt nettverk i Setesdal.

Målet for nettverket er kompetanseheving og erfaringsutveksling mellom kommunane.

Fylkesmannen i Aust Agder og representantar frå SSHF deltek også i nettverket. Det blir og arrangert felles fagdagar med rus som tema for alle tilsette i kommunane ein dag i året. Ruskonsulenten er ansvarleg for fagdagen.

Ein tilsett har fått opplæring i Hasjavvenningsprogrammet. Det er eit tilbod om hasjavvenning, bevisstgjeringsamtalar, foreldresamtalar og undervisning til skule og samarbeidspartnarar. Alle kommunane i Setesdal har etablert tilbodet og har etablert ei gruppe saman med interkommunal ruskonsulent.



I desember blei det oppretta eit toårig prosjekt i Setesdal med kommunane, SSHF, Setpro, Mental Helse Aust Agder og Evjeklinikken som prosjektdeltakarar. Det blei tilsett 2 stk. 100 % prosjektstillingar. Målet med prosjektet er å styrke samhandling.

Psykatribustadar:

Bygland kommune er vertskommune for eit bustadtilbod for menneske med psykiske lidingar. Dette er eit tilbod til 3 brukarar med alvorlige og samansette lidingar som treng bistand og trening for å mestre dagliglivet. Det er eit vertskommunesamarbeid der Evje og Hornnes kommune dekkjer 1/3 av personalutgiftene. Det er tilsett 2,25 faste stillingar i bustadane som dekker dag, kveld og helgebemannning. Personalet har høgskuleutdanning, i tillegg har ein tilsett vidareutdanning i rusproblematikk.

Interkommunal ruskonsulent:

Konsulent er tilsett i LMT med Evje og Hornnes kommune som vertskommune og skal saman med tilsette i kommunen ha ansvar for rusarbeidet. Bygland kommune kan nytte 20 % av stillinga. Konsulenten skal også ha rettleiing av personalet i alle tenestene der det er naudsynt. I 2012 blei det utarbeidd ein Interkommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan for alle fire kommunane i Setesdal. Denne legg føringar for interkommunalt og lokalt arbeid på rusfeltet. Planen blei oppdatert i 2015 og behandla i kommunestyra i alle fire kommunane. Eit av tiltaka som blei vedteke er at Bygland kommune skal delta i «Born i rusfamiliar». Dette er eit tverrfagleg kompetansehevingsprogram og systemarbeid over 2 år som retter seg mot born ein tenkjer ikkje har ein god omsorgssituasjon, ikkje bare born som bur i familiar med rusproblem. KORUS sør dekker alle bortsett frå vikar og reiseutgifter til tre samlingar. Tenesteleiar Helse er koordinator i Bygland.

Kartlegging:

Kommunen gjennomførte kartlegging i Brukerplan og Ungdata i 2015 i samarbeid med ruskonsulenten. Brukerplan er eit verktøy som både kartlegger livssituasjonen til den enkelte rusmiddelmissbruker og rusituasjonen generelt i kommunen. Ved å ta i bruk Brukerplan får kommunen eit godt grunnlag for å lage ruspolitiske handlingsplaner og til å sette inn riktige tiltak for den enkelte.

Ungdata er et kvalitetssikra system for gjennomføring av **spørjeskjema-undersøkingar** blant elever på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring. Gjennom kartlegging av den lokale oppvekstsituasjonen er Ungdata godt egna som grunnlag for kommunalt plan- og utviklingsarbeid knytt til folkehelse og førebyggjande arbeid ovafor ungdom.

Støttekontakt og avlastning:

Kommunen hadde 4 born og 5 vaksne i 2015 som hadde enkeltvedtak på støttekontakt og avlastningstilbod. Det er og tilbod om auka støttekontakt og avlastning for ungdom i skuleferien. Tenesteleiar helse har ansvar for sakshandsaming og rekruttering av avlastning og støttekontakt. Det har vore eit godt samarbeid med Habilitering for å få til eit god tilbod og for å nytte kompetansen som finns i habiliteringstenesta. Det er oppretta ansvarsgrupper og fleire av mottakarane har Individuell Plan. To lærarar på skulane har tatt på seg oppgåva med å være koordinator for Individuell Plan.



RESULTATEINING: PLEIE OG OMSORG

Omtale av eininga:

Hovudoppgåva til eininga er å yte tenester til eldre, uføre, psykisk utviklingshemma og andre innbyggjarar i kommunen som i periodar har hjelpebehov.

Eininga består av tre avdelingar - Byglandsheimen, open omsorg og habiliteringstenesta. Det er felles leiing og administrasjon for heile eininga.

Eininga har ein sjukeheim med tilknytta bufellesskap, omsorgs- og aldersbustader, samt eit bemanna bufellesskap for psykisk utviklingshemma på Byglandsfjord.

Netto driftsutgifter - budsjett og rekneskap for 2015:

Pleie og omsorg	Rekneskap 2015	Revidert budsjett 2015	Rekneskap 2014
Netto driftsramme	31 187 665	32 827 517	33 610 194

Kommentar:

I 2015 vart det eit mindreforbruk på 5 %. Eininga starta tidleg med korrektive tiltak i høve til kuttprosessen. Dette, samt fokus på å drifte eininga på ein kosteffektiv måte var hovudårsaka til mindreforbruket.

Omtale av avdelingane

Leining og administrasjon

Leiinga består av tenesteleiar og 3 avdelingsleiarar, kvar av desse har ei 50 % administrativ stilling. Det er og ein merkantil ressurs til støtte for leiinga innan områda HR, økonomi og innkjøp.

Byglandsheimen

Avdeling Byglandsheimen har ansvar for ei avdeling med 16 langtidsplasser. Det er i tillegg avsett 4 korttids plassar til rehabilitering og avlastning. Pr 31.12.15 var det 12 bebuarar på langtids plass. Korttids plassane blir følgde opp av open omsorg i samarbeid med Byglandsheimen. Avdelinga har støttefunksjonar innan kjøkken, reinhald og vaskeri. Det er ikkje venteliste på institusjons plass.

Open omsorg

Avdeling open omsorg har hovudansvaret for helsetenestar til heimebuande med hjelpebehov i kommunen. Dette inkluderer og dei som bur i omsorgs- og aldersbustadar. I tillegg har avdelinga ansvar for praktisk bistand i heimen («heimhjelp»), administrasjon av ulike hjelpemiddel, matombringing og tryggleiksalarmar. Pr 31.12.15 var det om lag 60 brukarar som jamleg fekk tenester frå open omsorg. 7 av 8 omsorgsbustadar og 2 av 8 aldersbustadar var ved årsskiftet bebudd.



Habiliteringstenesta

Avdeling habiliteringstenesta har ansvaret for oppfølging og bistand til heimebuande psykisk utviklingshemma i bufellesskapet på Byglandsfjord. Det er 5 bebuarar i bufellesskapet og 1 brukar som er på jamleg avlastning.

Bemanning

Eininga har totalt 42,38 årsverk (fast tilsette) pr 31.12.15. I tillegg har eininga 2 lærlingar innan helsearbeidarfaget.

Generelle utviklingstrekk/viktige hendingar i 2015:

- Gjennomføring av naudsynte tiltak i tråd med målsettingane for «kuttprosessen».
- Gjennomføring av intern OU prosess for å auke kvaliteten på tenestane.
- Samlokalisert habiliteringstenesta på Sagmoen i nye og rehabiliterte lokale hausten -15.
- Fokus på å bevisstgjering av tilsette.
- Fokus på kvalitetsarbeid i eininga, herunder bruk av «Compilo» systemet.
- Etablere den nye organisasjonen med ein tenesteleiar og 3 avdelingsleiarar.
- «Open dag for eldre» er eit framifrå tiltak som betyr mykje for mange eldre i kommunen.
- Arbeid med å avstemme bemanningsbehov og faktisk bemanning.
- Arbeid med å forbetre samarbeidet med dei tillitsvalte og vernetenesta i eininga.
- Innføring av Notus turnusplansystem med web portal i alle tre underavdelingar.
- Arbeid med samhandlingsreforma.
- Deltake i Helsenettverket i Setesdal.
- Arbeid med å finne ikkje-utnyttede potensiale, og finne ut korleis ein kan bruke dette for å betre tenestane for kommunens innbyggjarar.

Utviklinga framover – målsetjingar for PLO:

- Oppretthalde det gode tilbodet til innbyggjarar med hjelpebehov innanfor gjeldande rammer.
- Gjennomføre naudsynte tiltak for å gjere eininga meir kosteffektiv for å møte komande utfordringar pga reduserte økonomiske rammer.
- Fokus på arbeidsmiljø og auke trivnaden i alle avdelingar.
- Fokus på å redusere sjukefråvere gjennom målretta førebygging, oppfølging og tilrettelegging.
- Innføre nye turnusar, der bemanningsbehov og faktisk bemanning er avstemt.
- I samarbeid med nasjonalforeininga for folkehelse, etablere tilbodet «Aktivitetsvenn» som er retta mot demente.
- Opprette nye og justerte tilbod til eldre og demente innanfor gjeldande rammer.
- Opprette dagtilbod for eldre og demente på Byglandsfjord.
- I større grad utnytte potensialet som ligg i eksisterande velferdsteknologi.
- Auke kompetansen i alle avdelingar innan kvardagsrehabilitering.
- Forbetre samarbeidet på tvers av avdelingane.
- Oppretthalde fokus på internkontroll og kvalitetsarbeid.



RESULTATEINING: DRIFT OG FORVALTNING

Omtale av eininga :

Drift og forvaltning utøvar tenesteyting på fleire nivå, både internt i organisasjonen og for kommunen sine innbyggjarar. I grove trekk er hovudoppgåvene som følgjande:

1. Drift og vedlikehald av bygg, anlegg (VA) og infrastruktur (veg og grøntanlegg)
2. Sakshandsaming og oppfølging jf. gjeldande lovverk
3. Ulike prosjekt innaføre investeringsbudsjettet og andre prosjekt
4. Personal- og økonomiansvar

Styringsmål 2015:

- Bygland kommune sine verdiar skal leggjast til grunn for våre handlingar
- Arbeide for å oppnå kommuneplanen sine målsetjingar
- Halde tildelt økonomisk ramme og fokusere på arbeids – og kostnadsreducerande tiltak som gjev trivsel og handlingsrom for framtida
- Fokusere på forvaltningsregelverket og lovleg ivaretaking av brukarinteressene på ein måte som kan forklåre eventuelle motsetjingar mellom brukarinteressene og kommunen på ein god måte
- Søkje å vere i framkant med publikumsinformasjon
- Arbeide for eit lågt sjukefråvær ved å førebyggje, inkludere og følgje opp med tilrettelegging der det er mogleg
- Samverke internt og med andre einingar og brukarar med ei målsetjing om å «Gjere kvarandre gode»
- Drifte bygg og anlegg til beste for brukarane og innbyggjarane sitt beste
- I dei tilfella der det oppstår økonomiske og tidsmessige utfordringar, skal handlingsaktiviteten til eininga prioritere Oppvekstsentra, Byglandsheimen, aldersbustadane, og PUH inkl. Dagsenteret samt vassverka og kloakkreinseanlegga.

Ei målsetjing gjennom 2015 har også vore å søkje etter handlingsrom for å kunne utvikle eininga til å handtere oppgåvene meir rasjonelt på ein god måte.

Interne faghandlingsplanar for drift, vedlikehald og fagadministrasjon er forankra i gjeven budsjettamme, lovverk og faglige vurderingar. Saman med kommunen sine egne vedtak utgjer desse den gyldige styringsinformasjonen og skal forklåre handlingsmønsteret i 2015.

Dei viktigaste hendingane gjennom året:

Mykje aktivitet utløyser stadige vurderingar i høve endringar som må skje for å finne løysingar. Ein del planlagde ting må gå ut eller setjast på vent for å løyse oppståtte og ikkje planlagde hendingar / saker. Det føreligg egne oversikter på aktiviteten over driftsbudsjettet. Desse er ikkje tekne med her grunna mengda informasjon dei gjev. Måloppnåinga her er vurdert som god, men som nemnd, så vil alltid vere avvik i høve planlagd aktivitet sett saman med det som vert utført.

Investeringsprosjekta DFV har jobba med gjennom året 2015, er søkt synleggjort i følgjande tabell:



Investeringsbudsjettet 2015 DFV

Tiltak	Revidert Budsjett	Rekneskap	Status / Merknad
Kartverk / Geovekstprosjektet	0	0	Ikkje vori nødvendig med tiltak i 2015. Er avh av Statens kartverk.
Toalettanlegg Prestneset	450 000	446 519	Ferdig. Avvik grunna ubudsjetterte påkoplingsavgifter VA.
Kjøle- og ventilasjonsanlegg	950 000	959 533	På Byglandsheimen. Ferdig
GPS- landmåling	175 000	172 174	Kjøp av GPS utstyr for å utføre kart – og oppmålingsforretningar på eiga hand. F o m 2015
Kaldlager Nesmonen	0	0	Tiltaket er utsett jf vedtak på tertialrapport
Prosjekt PU – bustadar	12 000 000	9 706 074	Ferdigstilt i 2015. Arbeidet starta opp i 2014
Nøkkelsystem til kommunale einingar	300 000	354 486	Ferdig
Prosjekteringskostnad VA Neset - Grendi	100 000	77 900	I samband med VA – prosjekt Grendi – Bfjord. Teknisk ferdig
VA - prosjekt Grendi - Bfjord	6 700 000	7 043 193	Ferdig. Men pågåande sak om anleggsbidrag.
Tilbakeslagsventilar VAR - kloakkreinsing	120 000	0	Sjåast i samanheng med VA – prosjekt Grendi – Bfjord. Ikkje starta i 2015
Tilbakeslagsventilar VAR - vassverksdrift	120 000	0	Sjåast i samanheng med VA – prosjekt Grendi – Bfjord. Ikkje starta i 2015
Flyktningebustad	4 500 000	4 109 617	Ferdig. Arbeidet starta opp i 2014.
Naudstraumsagregat adm bygg	200 000	284 375	Kjøpt inn. Det står at elektrikkararbeid på kommunehuset. AS Byglandstunet sitt ansvar.
Overvakingssystem på Kloakkpumpestasjon	300 000	0	Ikkje vori kapasitet til å drive dette prosjektet i 2015. Ligg inne også i 2016
Bygging idrettshall	17 930 000	16 804 910	Arbeidet held fram i 2016.
Flyktningbustad 2	500 000	75 394	Fortsett i 2016
Høgdebasseng Ose	53 000	220 358	Fullføring av prosjektet
Kjøp av tomtegrunn	250 000	212 270	Kjøp av tomtegrunn
Bustadområde Rindane	250 000	233 261	Tilbakekjøp av tomtegrunn

Forvaltning

Ephortesaker	2012	2013	2014	2015
Inn og utgåande journalpostar	2 929	2 688	2 347	3 099
Tal saksmapper	354	305	292	301

Årsaka til auken i journalpostar i 2015 skuldast i mykje talet snøskutersøknadar. 2015 er året der tildelte løyve frå 2011 / 2012 skal fornyast.



Ansvarsområde 3730 , Fiskebiologen

1. **Kalkingsøknader:** Det er ikkje motteke søknadar om kalking av vassdrag i Bygland for året 2015.
2. **Blekeprosjektet:** Det er gjennomført vassprøvetaking i Otra frå Valle til Grendi/ Bø og Mele 12 gonger i løpet av året.

Den automatiske loggestasjonen for pH og vassstemperatur ved utlaupet av Byglandsfjord vart sist sommar flytta til pumpehuset ved vassverket på Ose. Uteseksjonen har det rutinemessige tilsynet ei gong i veka med pumpehuset og seier i frå til fiskebiolog dersom noko er i uorden med loggestasjonen.

Prøvefiske i Byglandsfjorden gjennomført på 2 stasjonar, med registrering av fangst av bleke, aure og ørekyte. Alle blekene vart aldersbestemt av fiskebiologen, rådata vart sett opp i xl-ark og oversendt til LFI Uni-miljø . Feltarbeid saman med mannskap frå LFI Uni-miljø i oktober med registrering av bleke, opptak og teljing av klekkeboksar for blekerogn i restfeltet av Hekni .

3. **Videoovervakning av kanal for vandring av fisk ved utlaup av terskel Langeid og ved Senum på Byglandsfjord.**

Ettersyn og byte av hardisk ei gong i løpet av året . Det vart sett opp 3 undervass / videokamera tilkobla overvåkingskasse med opptakar og monitor av Uni-Miljø ved Birkeland/Langeid i for å registrere vandring/gyting av bleke, og tilsvarende ved Senum.

Konkrete resultat av denne stasjonen ved Langeid utanom einskildobservasjonar av fisk (for det meste aure) er dokumentasjon av stimar med bleke i «smoltfasen» som vandra ned Otra på førsommaren i 2014. Ved Senum er det gjort opptak av gytande bleke.

4. **Handlingsplan for fjellmagasina:** Prøvefiske vart gjennomført i Rysstadbassenget i juni i tråd med handlingsplanen for Otra. Materiale frå prøvefiske er bearbeidd og rapport er ferdigstilt for øvre Otra.

Målet med desse er å vurdere tilstanden for fisken, evt. vurdere pålegg om utsetting av fisk. Prøvefiske på strekningen Vassenden - Kilefjorden vart innleia med prøveuttak av notfangst ved Moseid i august. Notbas var Knut Åsen Moseid, Mats Støvik og Ulf Haugaa. Ved Breiflå, Moisund og Kilefjorden har Hasso Hannås teke prøvefiske som er stilt til disposisjon for fiskebiologen.

5. **Sekretær i Vassdragsstyret for øvre Otra.** Tiltaksgruppa for rydding av krypsiv (AU- Krypsiv) hadde ei samling i februar for å finne dei mest aktuelle områda for rydding av krypsiv. Krypsivprosjektet, leia av fylkesmannen la ut felles anbod for alle vassdraga på Sørlandet. Sekretær har teke seg av søknader og rapportering av utførte tiltak til Krypsivfondet i Otra og krypsivprosjektet på Sørlandet (KPS).
6. Møter for vassdragsstyret i Krypsivprosjektet på Sørlandet , og i innlandsfiskerådet i Agder.



7. **Vassdirektivet:** Lokal tiltaksanalyse for vassområdet Otra vart stilt ferdig . Det var eit møte i samband med dette og arbeidsmøte med prosjektleiar for Vassområdet. Deltok på høyringskonferanse i vannregion Agder. Det vart levert høyringsuttale frå Bygland kommune. Regional plan for vannforvaltning og tiltaksprogram i vannregion Agder vart ferdigstilt i juli 2015.
8. **Strandsoneplan for Byglandsfjorden:** Den vart gjort ferdig. Innspel om gyte- og oppvekststader for fisk, særleg med tanke på bleke er kome med i planen. Det er utarbeidd digitalt kart over alle kjende gyteplassar for bleka. Problem med krypsiv i strandsona står og på sakskartet. Strandsoneplanen vart av ymse årsaker førebels trekt, men står på vent.
9. **Vilt- og Innlandsfiskeremnda i Bygland:** Delteke på 2 møte i 2015 og levert eit saksframlegg om stimulering av fiske i Byglandsfjorden.

Jordbruket :

Bykle kommune handsama tilskottsakene innan jordbruket for Bygland i 2015

Ordning	2012	2013	2014	2015	Merknad
Produksjonstilskott	27 søknadar	28 søknadar	28 søknadar	27	Søk frist 20/1
Produksjonstilskott	36 søknadar	34 søknadar	33 søknadar	35	Søk frist 20/8
Reg miljøprogram	22 søknadar	18 søknadar	18 Søknadar	17	Søk frist 20/8
Organisert beitebruk	3 søknadar	3 søknadar	3 søknadar	3 søknadar	
